

Tre mellomalderskulpturar frå Gjerstad kyrkje på Osterøy, eit krusifiks og to kvinnelege helgen-skulpturar. Som den gongen, er kyrkja i Bjørgvin også i 2016 ein møtestad mellom Gud og menneske.

# Årsrapport 2016



BJØRGVIN BISKOP OG BJØRGVIN BISPEDØMERÅD

# Innhald

<b>I: Tilstandsrapport</b>	<b>3</b>	<b>IV: Styring og kontroll i verksemda</b>	<b>22</b>
Kvalitet	3	4.1. Verksemda si risikostyring i 2016	22
Luther til fest og løye	3	4.2. Likestilling	23
Å spele kvarandre gode	4	4.3. HMT/Arbeidsmiljø	24
Vurderingar	4	4.3.1 Geistleg personale	24
		4.3.2 Arbeidsvilkår	24
<b>II: Introduksjon til verksemda og hovudtal</b>	<b>5</b>	4.3.3. Prestebustadar	24
2.1. Omtale av verksemda og samfunnsoppdraget	5	4.3.4 Lokale tilhøve og utfordringar	26
2.2. Omtale av organisasjonen	6	4.3.5 Kompetanseutvikling	26
Oversyn over bispedømet pr. 1. januar 2017	6	4.3.6 Retreatarbeid	26
		4.3.7 Arbeidsrettleiing (ABV)	26
<b>III: Aktivitetar og resultat i 2016</b>	<b>7</b>	4.3.8 Leiing og samvirke	26
Dei utvalde resultatmåla på nasjonalt nivå	7	4.3.9 Medverknad (Medbestemmelse etter arbeidsmiljøloven)	27
3.1. Gudstenesteliv	7	4.4. Miljøarbeid	27
Nattverd	8	4.5. Kyrkje- og gravplassforvaltning	27
Inn- og utmelding	10		
Djupdykk i medlemskap	11	<b>V: Vurdering av framtidsutsikter</b>	<b>28</b>
3.2. Dåp og trusopplæring	12	Endringar og mål fram mot 2020	28
Skulegudstenester	14	Reformasjon til inspirasjon	28
Barnehagegudstenester	14	Økonomi og rekruttering	28
Ungdomsarbeidet	14	Bygge kompetanse og å gjere kvarandre gode	29
3.3. Kyrkje og samfunn	16		
3.3.1. Diakoni	16	<b>VI: Årsrekneskapan</b>	<b>30</b>
Flyktningar	16	6.1. Leiingskommentarar	30
3.3.2. Inkluderande kyrkjeliv	17	Føremål	30
3.3.3. Kommunikasjon og samfunnskontakt	17	Stadfesting	30
Presseklipp	18	Vurdering av vesentlege tilhøve	30
«På troen løs» og «Luther øre»	18	6.2. Prinsippnote	31
Johan Nordahl Brun-prisen	18	6.3. Bevilgningsrapportering (Løyvingsrapportering)	31
3.3.4. Forbruk og rettferd	19	6.4. Note A og B	31
3.3.5. Misjon	19	6.5. Artskontorrapporteringa	31
3.3.6. Kultur	19	6.6. Note 1-8	31
Pilegrim	19	Vedlegg	31
Reformasjonsbyen Bergen 2017	19		
Kyrkjemusikk	20		
3.4. Rekruttering og ulønna medarbeidarskap	20		
3.5. Samarbeid i kyrkja	20		
3.5.1. Bispedømerådet sin administrasjon	20		
3.5.2. Samarbeid lokalt	21		
3.5.3. IKT	21		
3.5.4. Demokratiutvikling	21		
3.6. Andre område i kyrkjeleg sektor	21		
3.6.1. Fengselspresttenesta	21		
3.6.2. Samisk kyrkjeliv	21		

Framsidedfoto: Utsnitt av tre mellomalderskulpturar frå Gjerstad kyrkje på Osterøy, eit krusifiks og to kvinnelege helgenskulpturar. Krusifikset er frå ca år 1300, helgenfigurane frå rundt år 1400. Alle tre skulpturane har blitt restaurert ved Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) i 2016 med midlar frå Riksantikvaren. I fleire norske kyrkjer finst kunst frå mellomalderen som er unik i verdssamanheng. Korleis denne kyrkjekunsten overlevde reformasjonen, veit vi ikkje sikkert, men ei forklaring kan vere at vi i Noreg ikkje hadde råd til å skifte ut kyrkjekunsten vår pga. fattigdom, meiner Riksantikvaren. FOTO: BIRGER LINDSTAD, NORSK INSTITUTT FOR KULTURMINNEFORSKNING (NIKU)

Baksidedfoto: Nye messehaklar i Kinsarvik kyrkje. FOTO: ÅSMUND AARVIK



**Bjørgvin biskop og bispedømeråd**  
Postboks 1960  
5817 Bergen

Telefon 55 30 64 70  
e-post: bjoergvin.bdr@kyrkja.no  
www.kyrkja.no/bjorgvin

Utgåve 1 - publisert 17. mars 2017  
Ansv. red: Stiftsdirektør Jan Ove Fjelltvett  
Utforming: dragefjellet.no

# I: Tilstandsrapport

**I Bjørgvin bispedøme har 2016 vore eit år med mykje god aktivitet i kyrkjelydane. Det har og vore prega av førebuing til reformasjonsjubileum og Lutherfestdagar i Bergen i 2017. Ein vesentleg del av førebuinga til denne 500-årsmarkeringa, var eit omfattande studieopplegg for alle prestane i bispedømet.**

Det har vore etablert mange møtepunkt og kontaktar i dette arbeidet, gjennom ei brei forankring og med deltaking frå ulike aktørar innan kyrkje, samfunn og akademisk. Dette har ein langsiktig eigenverdi, ut over sjølve tiltaka. Det er samstundes ein fantastisk bonus at sjølve Lutherfestdagane vart svært vellukka.

Året har og vore prega av verksemdsoverdraging, og dei ulike organisatoriske prosessane som kyrkja står i. Ei side er bispedømeadministrasjonen sin innsats i dette. Den har vore omfattande. Folk flest har merka lite av dette. Det omfattar og samspel i ein komplisert kyrkjelege rådsstruktur med mange nivå og ulike aktørar. I dette kan uavklarte spørsmål og maktkampar stå i fare for å ta energi frå dei andre overordna utfordringane vi som kyrkje står i. Ansvar er fragmentert på mange lokale einingar, samstundes som ein treng å tenke heilskap og saman for å finne fram til betre og meir effektive løysningar på mange område. Det er lagt ned stor innsats for å sikre best mogleg samspel ut frå dei ordningane ein rår over og med blikk for mogleg innovasjon og forbetring. Ved årsstart fekk ein også innføring av arbeidstid for prestane og store økonomiske utfordringar som følgje av dette og andre endringar over kort tid.

Tidleg i mars var det sjokkarta å lesa av rekneskapsrapportane at vi låg an til eit underskot på 7,5 millionar kroner. Dette har prega året 2016 i heile bispedømet. Det blei og ein merkbar auke i ledige prestestillingar i bynære område frå april 2016, noko som har gjort det mogleg å ta inn nokre av dei økonomiske utfordringane gjennom vakansestyling.

Under ligg og alvor i dei siste åra sin sakte nedgang i dåpstal, gudstjenestetilbod og gudstjenestebesøk. Tala er usikre og litt ulike frå ulike kjelder, men det kan sjå ut til at trendane varer ved også for 2016, sjølv om tal på dåp gledeleg nok synest å ha stabilisert seg. Det er særleg nedgang i gjennomsnitt deltakinga på gudstjenester søndag som peiker seg ut. Ein nedgang på 2,8 vurderer vi som

urovekkande. Uro rundt ulike teologiske spørsmål kan vere del av dette biletet, men det er også viktig å sjå dei langsiktige drivarane i dette. Auka sekularisering, endringar i tilhøvet mellom frivillige og organisasjonar generelt, mindre deltaking i forpliktande fellesskap eller redusert konfesjonelt medvit – det kan ligge mange ulike årsaker bak. Og truleg må ein sjå på kombinasjonar av årsaker. Bispedømet sin visjon om «Saman vil vi....», er viktig for å skape rom for både breidde og djupne i møte med desse utfordringane.

Det er difor avgjerande at organisatoriske og økonomiske problemstillingar ikkje får meir plass enn streng tatt naudsynt. Det er viktigare å bruka kreftene på å skapa eit godt omdøme, inspirasjon og stoltheit i alle delar av kyrkja.

## Kvalitet

Vi har tidlegare peika på at det er vesentleg å sikre kvalitet i dei ulike møtepunkt mellom kyrkja og medlemene. Dette er ei oppgåve som kyrkja lokalt må gje mykje merksemd. På bispedømenivå kan vi sette i gang «indirekte» tiltak som til dømes kompetanseheving og inspirasjonssamlingar. Det er likevel lang veg til å måle dette i auka kvalitet eller auke i kvantitative tall. Å rekruttere og behalde gode, kompetente medarbeidarar er viktig for god måloppnåing. Vi vil samstundes også peike på at det er viktig med rekruttering og oppfølging av frivillige. Motiverte medarbeidarar, løna og uløna, er avgjerande, slik vi vurderer det. Vi vurderer det som kritisk, og som ei auke i risikoen på å ikkje nå måla innan trusoppløringa at det blir tilsett få med tilstrekkeleg kristedomsfagleg kompetanse. Manglande planar for kompetanseheving er del av dette bildet. Dette vil måtte ha fokus i tida som kjem.

Samspel mellom lokale arbeidslag i kyrkjelydane og i prostia krev leiging. Det krev samstundes også samhandling ut over det reint lokale. Til dømes gjeld dette eit område som rekruttering. Bjørgvin

bispedøme har i 2016 hatt eit rekrutteringsutval som særleg har hatt fokus på samspelet med ungdomsarbeidet og systematikk inn mot dette området. Ein ser for seg tiltak som når i breidde og der ein samstundes ser den einskilde. Dette arbeidet vil trenge mykje merksemd i åra som kjem.

Mange av bispedømerådet og fellesråda sine funksjonar er det ein vil kalle hygiene faktorar. Det betyr at når dette fungerer, så støttar det opp om det lokale arbeidet. Det vert då opplevd som «sjølv-sagt». Det er når det ikkje fungerer at det blir kritisk og får negativ merksemd. Målsettinga med at folk flest skal merke minst mogleg til verksemdsoverdraginga frå staten til Den norske kyrkja, er slik sett ikkje uvesentleg. Målet både for 2015 og ikkje minst 2016 har vore at førstelinja skal kunne fungere best mogleg, trass store omleggingar av systema bak. Det er difor krevjande å synleggjere det store arbeidet som blir gjort på dei administrative områda og kor viktig dette er for å støtte opp under dei måltala ein har på område som til dømes dåp og rekruttering. Det er inga direkte kopling, men vurderingane må likevel ha i seg at det er samheng mellom god administrasjon og god tenesteyting i møte med folk flest. Vår vurdering i stort er at dei tiltak og den drift Bjørgvin bispedømeråd har hatt i 2016 understøttar dei mål ein har sett for verksemda på ein god måte.

## Luther til fest og løye

Bjørgvin bispedømeråd har lagt til rette for ei, slik vi sjølv ser det, spennande og variert feiring av Reformasjonsbyen Bergen 3.-7.mars 2017. Det er i 2016 brukt store ressursar på å forankre dette programmet hos kommune, akademisk, kulturinstitusjonar og ulike samfunnsaktørar. Bergen er ein av 68 europeiske reformasjonsbyar. Ein del er ein buss som reiser rundt (Roadmap r2017), der fortellingar om kva reformasjonen betyr i dag vert samla inn og delt ved dei ulike stoppa og til sist ved den europeiske

markeringa i Wittenberg i juni 2017. Like viktig er synleggjeringa av eit variert program til debatt, ettertanke og inspirasjon der ulike aktørar er engasjert og med.

Prosessen rundt dette har vore sentral i 2016, og har ein stor eigenverdi. Likeins har ein gjennomført eit studieopplegg for alle prestane i bispedømet, der mange gode refleksjonsnotat og mange som har tatt studiepoeng er ein del av resultatet i 2016, og ulike markeringar vil vere eit anna resultat i 2017. Inn i verksemdsoverdraging og organisatoriske spørsmål har det vore viktig å også løfte blikket mot kva kyrkje vi er og vil vere. I Wittenberg fekk vi både eit møte med det historiske, reflektere over der vi står til dagleg, men også eit møte med det at vi er del av noko større.

[www.r2017.org/europaeischer-stationenweg/](http://www.r2017.org/europaeischer-stationenweg/)

[www.kyrkja.no/nn-NO/bispedommer/bjorgvin-bispedome/forsideoppslag/gjenopplev-folkefesten](http://www.kyrkja.no/nn-NO/bispedommer/bjorgvin-bispedome/forsideoppslag/gjenopplev-folkefesten)

## Å spele kvarandre gode

Vi er i stadig endring. Kyrkja er på ei side ein arbeidsplass, med alt det medfører. Samstundes er vi ein aktivitets-arena med alt det medfører. Og djupast er kyrkja noko heilt anna. Eit fellesskap av dei truande i smått og stort. Vi må ta inn alle områda. Det å lage nye, gode strukturar for ein betre heilskap er ikkje uvesentleg. Det er ein høg risiko for at nokre av dei endringsprosessane vi er inne i kan lamme oss. Vi vurderer det som kritisk. Skal vi makte å vere kyrkje for folk flest, har vi ikkje råd til å bruke for mykje energi på det interne. Samstundes som vi vil måtte skape nye ordningar, må vi vere her og no, med dei ordningar som til ei kvar tid er gjeldande.

I 2016 har Bjørgvin bispedømeråd i sin årsplan forsøkt å arbeide med mange små og store ting som støttar opp rundt den daglege drifta i sokna. Noko har ein lykkast med, andre ting tar tid. I ei tid

med fokus på dei store endringane, har det vore viktig å arbeide med dei små forbetringane. Dette kan vere litt usynleg, det er naturleg. Det handlar om folk, om personalpolitikk i smått og stort, og eit puslespel som er komplisert. Prostane og andre gjer her ein svært viktig og god jobb som ikkje må undervurderast, sjølv om det er usynleg i årsplanar og dokumentasjon over gjennomførte tiltak. Bjørgvin bispedømeråd vil òg løfte fram at vi har mange dyktige tilsette i administrative stillingar som bidreg med kompetanse og engasjement inn i dei store endringsprosessane kyrkja står i. Det å ta vare på denne kompetansen vil vi løfte fram som viktig for heile kyrkja.

I mange prosessar der ein forsøker av god vilje å skape betre samspel, er det ikkje alltid at ein lukkast. Det har i 2016 vore mange saker der debatten om kyrkjeordning og to arbeidsgjevarliner har kome inn som eit forsterka moment. Samspelet med kyrkjelydane og fellesråda er avgjerande for å lukkast med dei mål Kyrkjemøtet legg opp til. I ein situasjon med to arbeidsgjevarliner og 59 ulike arbeidsgjevarar i bispedømet er dette utfordrande. Det er samstundes viktigare enn nokon gong å legge til rette for ulike arenaer der ein samhandlar, held kvarandre informert og leiter etter dei områda ein kan forbetre.

Dette handlar både om politiske og forvaltningsmessige prosessar.

## Vurderingar

Den generelle vurderinga av den kyrkjelege situasjonen i Bjørgvin bispedøme er at mykje godt arbeid blir lagt ned, både knytt til gudstenester, i kyrkjelydsbygginge arbeid og i møte med folk i ulike livsepokar. Dette kan lett bli overskygga av fokus på tal som går nedover. I Bjørgvin ønskjer vi både å kunne ta på alvor at færre døyper borna sine, og å halde oppe at mange framleis søker til kyrkja både

ved dåp og konfirmasjon. I glede og sorg er kyrkja viktig for mange. Dei gode forteljingane, på kvalitativt nivå er og ein del av det vi vil styre etter.

Talet på gudstenedeltakarar kan verke å ha fått ein liten, men markert nedgang i 2016. Utfordringane er at det er færre som går ofte og trufast. Det må difor meir innsats til for å trekke folk i 2016 enn tidlegare. Til dømes at gudstenester med særpreg og ulike aktørar i tilknytning til breidde- eller trusopp-læringstiltak har stor oppslutning. Vanlege gudstenester utan dåp har mindre framme. Vi ser òg ein klar samheng mellom reduksjon i presteressursar og nedgang i talet på gudstenester.

Talet på kyrkjelege vigslar auka i 2015. Dette var gledeleg etter nedgangen i 2014. I 2016 er nedgangen stor, 125 færre enn i 2015, og 66 lågare enn 2014. Likeins er det ein nedgang i prosent som vel kyrkjeleg gravferd. Utmeldingar er òg del av dette bildet. Dette vurderer vi som kritiske signal som må følgjast nøye om dei varer ved.

Tala på dåp er noko usikre, men synes å ha stabilisert seg. Konfirmasjon har òg ein nedgang, men er tilbake på 2015-nivå.

På kulturtilbod, trusopp-læring og mange område er det auke i tala, eller relativt stabile tal. Dette vurderer vi som gledeleg.

Bjørgvin bispedømeråd har i 2016 brukt sine tildelte ressursar til å best mogleg understøtte kyrkja sitt hovudmål: DNK skal vere ei landsdekkande, lokalt forankra kyrkje som inviterer men-neske i alle aldrar og livssituasjonar til tru og fellesskap. Kyrkja skal bidra til å styrke lokalsamfunn, målbæare menneskeverdet og utfordre til solidaritet. DNK skal vera ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje. Det er samstundes slik at vi nærmar oss eit smertepunkt på å kunne levere forsvarlege tenester alle stader i bispedømet, med dei ressursane vi rår over.

Bergen, 13. mars 2016

Inger Helene Nordeide  
bispedømerådleiar

Halvor Nordhaug  
biskop

# II: Introduksjon til verksemda og hovudtal

## 2.1 Omtale av verksemda og samfunnsoppdraget

### 2.1.1 Namn og departement ein høyrer inn under

Björgvin bispedøme var i 2016 fortsatt underlagt Kulturdepartementet og i avgrensa saker underlagt Kyrkjemøtet/ Kyrkjerådet.

### 2.1.2 Tilknytningsform

Björgvin bispestol var frå fyrst av knytt til Selja, 7. september 1170 vart St Sunniva sine relikviar førde frå Selja til Kristkyrkja i Bergen i samband med flytting av bispestolen. Björgvin bispedøme er

eit av 11 bispedøme i Noreg. Bispedømerådet har 10 medlemmer som saman med dei andre bispedømeråda utgjer Kyrkjemøtet. Biskopane utgjer til saman Bispemøtet.

### 2.1.3 Mynde og ansvarsområde

Mynde og ansvarsområde for biskop og bispedømerådet følgjer mellom anna av Kyrkjelova, Gravferdslova, Tenestordning for biskop, økonomi- og verksemdsinstruksen og tildelingsbrevet frå departementet.

Bispedømet blir leia av to organ – biskopen og bispedømerådet med felles administrasjon i Bergen.

Bispedømerådet skal ha si merksemd på alt som kan bli gjort for å vekke og nære det kristelege livet i kyrkjelydane.

Rådet skal òg fremje samarbeid mellom det enkelte sokneråd og andre lokale arbeidsgrupper innan bispedømet. Bispedømerådet fordeler statlege tilskot til trusopplæring og særskilte stillingar innan kyrkjeleg undervisning og diakoni. Bispedømerådet kan opprette og legge ned stillingar innafor tildelt ressursramme. Bispedømerådet tilset prostar, kyrkjelydsprestar, studentprestar og fengselsprestar. I tillegg er bispedømerådet arbeidsgjevar for dei tilsette på bispedømekontoret.

Biskopen leiar prestetenesta og har tilsynsansvar med kyrkjelydane og tilsette.

### 2.1.4 Overordna mål


Bispedømerådet og biskopen har lagt til grunn dei mål og føringar som er gitt av

Björgvin bispedømeråd klare for å markera reformasjonen 500 år.

FOTO: BJØRGVIN BISPEDØMEKONTOR



Figur 1: Organisasjonstruktur/org. kart



Tabell 1: Oversyn over bispedømmet

Prosti 10	Sokn 182	Medlemmer* 481 804	Innbygg. 629 846
Nordfjord	26	27 195	32 932
Sunnfjord	17	37 698	45 426
Sogn	26	24 230	28 743
Nordhordland	19	30 517	37 226
Vesthordland	11	52 647	65 996
Åsane	11	53 643	*
Bergen domprosti	10	64 051	*
Fana	11	103 186	311 890*
Hardanger og Voss	28	39 880	47 938
Sunnhordland	23	48 757	59 695

\* Samla tal for prostia i Bergen, inkl. Austevoll, Os og Osterøy

Tabell 2: Volumtal for bispedømmet\*

	2013	2014	2015 SSB	2016 Prostetall
Døpte	5216	4945	4928	4864 <sup>1</sup>
Konfirmerte	5800	5748	5872	5488
Kyrkjelege vigslar	1002	967	1026	900
Kyrkjelege gravferder	4474	4394	4400	4267 <sup>2</sup>
Gudstenester søndag	6573	6598	6461	6465
Gudsteneste- deltakarar sun- og helgedagar	656 548	65 5579	637 046	619 407
Gjennomsnitt sundagar	99,9	99,4	98,6	95,8 <sup>3</sup>
Gudstenester totalt	8634	8525	8469	8362
Gudsteneste- deltakarar totalt	815 506	803 362	783 209	775 018

\*Talmateriale frå SSBs årsstatistikk for 2016 er førebels tal.

1. MR 4742. 2. SSB. 3. SSB: 96,0.

Tabell 3: Nøkkeltal for årsrekneskapen

	2015	2016
Tal årsverk - del av dette som er presteneste.	183,8	176,8
	167,2	162,6
Samla tildeling post 01	140 682 000	144 150 000
Utnyttingsgrad post 01	100,3%	101,4%
Løns- og driftsutgifter	141 047 830	146 116 770
Del løn av driftsutgifter	87,9%	90,6%
Del løn brukt i prestenesta	112 852 000	120 352 142
Lønsutgifter per årsverk	674 763	748 585

departementet, Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet. Visjonsdokumentet og årsplan for Bjørgvin bispedømme ligg også til grunn for verksemd og aktivitetar.

Visjonen for Bjørgvin bispedømme er: «*Saman vil me ære den treeinige Gud – ved å forkynne Kristus, byggje kyrkje-lydar og fremje rettferd*».

Kyrkja er ein møteplass og ein stad for engasjement. Desse områda er mest synlege:

- Gudstenester og kyrkjelege handlingar
- Dåp, trusopplæring og undervisning
- Kyrkjemusikk og kultur
- Misjon
- Diakoni

Bjørgvin bispedømmeråd har som mål å ha medarbeidarar som har glede i tenesta, med gode rammer og høg kompetanse. Bjørgvin bispedømmeråd ønskjer å vere ei tydeleg folkekyrkje både i by og griskgrendte strok av bispedømmet.

### 2.1.5 Samarbeid med andre (kyrkjelege fellestråd, frivillige kristelege organisasjonar osv.)

I Bjørgvin bispedømme er det 182 sokn med tilhøyrande sokneråd. Det er 59 kommunar, med 58 tilhøyrande kyrkjeleg fellestråd.

Bispedømmet har nært samarbeid med frivillige, kristelege organisasjonar og har eit formelt samarbeid med misjonsorganisasjonane gjennom SMM (Samarbeidsråd for menighet og misjon).

## 2.2 Omtale av organisasjonen

### 2.2.1 Leiingsstruktur

Organa Bjørgvin biskop og Bjørgvin bispedømmeråd har felles administrasjon lokalisert i Bergen. Bispedømmerådet er tilsettingsorgan, biskopen leier prestenesta.

I bispedømmet er det ti prosti som kvar for seg er tenesteområde for prestane. Dei øvrige kyrkjelege tilsette har i hovudsak fellestrådet som arbeidsgjevar.

### 2.2.2 Tal tilsette og årsverk fordelt på prestenesta og annan verksemd

I Bjørgvin bispedømme er det pr. 31.12.16 tilsett 165 prestar og prostar i 163 årsverk. Ved bispedømmekontoret er det tilsett 18 personar i 17,7 årsverk. Desse har bispedømmerådet som arbeidsgjevar.

### 2.2.3 Lokalisering

Bjørgvin bispedømme er geografisk samanfallande med fylka Hordaland og Sogn og Fjordane og har 59 kommunar med til saman 629 846 innbyggjarar. Bergen er den største byen, med om lag 278 550 innbyggjarar.

Bjørgvin er mellom dei bispedøma der delen av innbyggjarar som er medlemmer av Den norske kyrkja er høgast. 76,5 prosent er kyrkjemedlemmer i Bjørgvin mot 74,1 prosent i snitt for heile landet.

### 2.2.4 Organisasjonsstruktur/organisasjonskart

Sjå figur 1 (til venstre)

### Oversyn over bispedømmet pr. 1. januar 2017:

Sjå tabell 1 (til venstre).

### 2.2.5 Volumtal for bispedømmet

Sjå tabell 2 (til venstre).

### Nøkkeltal for årsrekneskapen:

Sjå tabell 3 (til venstre)

# III: Aktivitetar og resultat i 2016

Dei utvalde nasjonale resultatmåla:

Strategiske mål	Resultatmål	Resultat	
<b>1. Gudstenestelivet blømer</b>	• Oppslutninga om gudstenestene aukar.	• Gjennomsnitt søndag går ned frå 98,5 til 95,8.	↓
	• Gudstenestetilbodet vert halde oppe.	• GT-talet går ned frå 8469 til 8362.	↓
	• Fleire vel kyrkjeleg vigsel.	• Nedgang frå 1026 til 900.	↓
	• Oppslutninga om kyrkjeleg gravferd vert halden oppe.	• Nedgang frå 91,8 til 88,6 prosent kyrkjeleg gravferd .	↓
	• Kyrkja gjev rom for ulike kunst- og kulturuttrykk.	• Det er ein auke frå 1665 til 1793.	↑
<b>2. Fleire søker dåp og trusopplæring</b>	• Oppslutninga om dåp aukar.	• Auke frå 79 til 80 prosent døypte av tilhøyrande, men nedgang frå 65 til 64 prosent for døypte av alle fødde.	↑
	• Omfanget av trusopplærings-tilbodet aukar.	• Opplæringstilbodet i timar auka frå 155 til 220.	↑
	• Oppslutninga om trusopplæringa aukar.	• Ned frå 53 % til 52 %.	↓
	• Oppslutninga om konfirmasjon vert halden oppe.	• Reduksjon frå 92,9 til 92,0 % av døypte 15-åringar som blir konfirmerte.	↓
<b>3. Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet</b>	• Fleire kyrkjelydar utviklar plan for diakoni.	• Talet på innrapporterte diakoniplaner er stabilt på 93.	→
	• Kyrkja blir meir tilgjengeleg på Internett.	• Nedgang frå 2015.	↓
	• Fleire kyrkjelydar vert grøne kyrkjelydar.	• Talet på grøne kyrkjelydar er stabilt på 24.	→
	• Fleire kyrkjelydar er engasjerte for misjon.	• Det er ein auke frå 127 til 131 kyrkjelydar som har misjonsavtale.	↑
<b>4. Fleire får lyst til å jobbe i kyrkja</b>	• Rekrutteringa til vigsla stillingar blir styrka.	• Nedgang frå 4 til 3 presteordinasjonar. Vigsling av 2 diakonar og 7 kontorar.	↓
	• Fleire vert engasjerte i frivillig teneste i kyrkja.	• Tal på frivillige aukar frå 12 324 til 12 993.	↑

## 3.1 Gudstenesteliv

### Delmål:

Den norske kyrkja skal ha ei oppslutning som stadfestar karakteren av å vera folkekyrkje.

### Strategisk mål:

**Gudstenestelivet blømer**

### Resultatmål:

**Gudstenesteopplutninga aukar.**

### Indikator 1:

**Indikator 1: Endring i gudstenestenedeltaking (figur 1 og 2).**

	2013	2014	2015	2016*
Gj. snitt søndag	99,9	99,4	98,6	96
Gj. snitt alle gudst.	94,4	94,2	92,5	93

\*Tal frå prostane, dette er truleg litt ulikt endelege SSB-tal som kjem i juni 2017

Deltaking sun- og heilagdaggar går ned medan deltaking på andre gudstenester går opp, slik at gjennomsnittleg gudstenesteoppmøte for alle gudstenester er stabilt. Her er det tatt utgangspunkt i tal frå prostane fordi SSB-tala manglar 16 sokn som hadde vore for seine med å levera inn. Tala er samanlikninga med endelege SSB-tal frå juni 2015 (og dei skil seg frå tala frå årsmeldinga for 2015 som var eigne innsamla tal.)

Talet på gudstenester og deltakarar er stabilt, men litt minkande. Gjennomsnittleg er det 95,8 i 2016 mot 98,6 i 2015

på kvar søndagsgudsteneste, det er meir enn to prosentpoeng lågare enn i 2015.

Oppmøtet på sun- og heilagdagar viser ein nedgang og vert om lag 2,5% lågare i 2016 enn i 2015. Erfaringane frå tidlegare år viser ei underrapportering av gudstenester og oppmøte i dei førebels tala (i 2015 var det 756 fleire deltakarar enn registrert i fyrste runde), så nedgangen er truleg mindre enn tala viser, men dette endrar ikkje at tendensen er ein nedgang i gudstenedeltaking.

Når det gjeld andre gudstenester utanom sun- og heilagdagar viser dei førebels tala ein nedgang på 4% i talet på gudstenester og ein auke i fram møtet på 6,5% i 2016 frå 2015. Det fører til ein auke i gjennomsnittleg deltaking på andre gudstenester frå 73 til 81 og at gjennomsnittet på alle gudstenester går opp frå 92 til 93. Sidan desse andre gudstenestene stort sett ikkje er faste gudstenester vil det variere frå år til år både dag og kva type gudsteneste det er.

Difor er det vanskeleg å dra konklusjonar av desse svingingane. To forhold kan kanskje forklara noko av auken i deltaking på andre gudstenester: I stader kan kyrkjelyden si hovudgudsteneste i einskilde tilfelle vera flytta til ein annan dag. Og at fleire stader er konfirmasjonsgudstenester flytta til laurdag på grunn av kapasiteten på søndagen og ynskje frå foreldra. Dette veit vi har skjedd ut frå ynskje om å gjera konfirmasjonsgudstenestene meir tilgjengelege og relevante,



Nattverd i St Jakob.

FOTO: DANIEL TVEIT

men vi har ikkje tal på kor stor endring det utgjær.

### Nattverd

	2013	2014	2015	2016*
Nattverd-gudsten.	4399	4277	4208	4417
Nattverd-deltakarar	160 586	156 209	157 218	159 950
Gjennomsn.	37	37	37	36,2

\*Tal frå prostane, dette er truleg litt ulikt endelege SSB-tal som kjem i juni 2017


Talet på nattverddeltakarar viser stabilitet. Talet på nattverd-gudstenester har

gått opp 5% og talet på nattverddeltakarar har gått opp 1,6%. Auken i talet på nattverd-gudstenester fører til at gjennomsnittsdeltaking går ned frå 37 til 36. Desse tala viser ein motsett tendens av gudstenedeltaking. Noko kan koma av at det er blitt vanlegare med nattverd ved trusopplæringsgudstenester, men hovudkonklusjonen er at nattverddeltakarane stort sett er dei som er vande med å gå i kyrkja.


### Kommentar til risikovurdering i årsplanen for 2016 og mål-oppnåing.

Målet om at gudstenesteopplutningar aukar er ikkje nådd. Det er vanskeleg å


Figur 2: Gjennomsnitt gudstenedeltaking



Figur 3: Gudstenedeltaking



Figur 4: Gudstenester





Tabell 4: Nøkkeltal - gudstenester

Alder:	2011	2012	2013	2014	2015	2016*
Deltakarar, sun- og heilagdaggar	677366	660531	656548	655579	637046	619407
Gjennomsnitt deltakarar, sun- og heilagdaggar	101,7	99,5	99,9	99,4	98,6	95,8
Gudsteneste utanom sun- og heilagdaggar	2218	2385	2061	1927	2008	1897
Deltakarar utanom sun- og heilagdaggar	169277	158331	158508	147683	146163	155611
Gjennomsnitt deltakarar utanom sun- og heilagdaggar	76,3	66,4	76,9	76,6	72,8	82,0
Gudstenester, totalt	8876	9024	8634	8525	8469	8386
Deltakarar, gudstenester totalt	846643	818862	815056	803262	783209	775018
Gjennomsnitt gudstenesteditaking totalt	95,4	90,7	94,4	94,2	92,5	92,7
Gudstenester med nattverd	4172	4297	4399	4277	4229	4417
Nattverdsdeltakarar	151244	158738	160586	156209	157308	159950
Gjennomsnitt nattverddeltaking	36,3	36,9	36,5	36,5	37,2	36,2

\*Førebels tal frå prostane, dette er truleg litt ulikt endelege SSB-tal som kjem i juni 2017

peika på ei hovudårsak. I årsplanen sin risikovurdering vart det peika på kommunikasjonen i gudstenesta og i kva grad folk føler gudstenesta er relevant. Dette vert alltid tatt opp på visitasane, og det inntrykk som festar seg frå samtalan der er at den kjernen som går trufast går sjeldnare, vert eldre og dør ut medan yngre generasjonar ikkje går like ofte. Dette er ein tendens som truleg vert forsterka av dei mange trusopp-læringsgudstenestene, at mange går når det er noko spesielt, men ikkje som ein regelmessig vane. Dette bidrar til auka gudstenesteoppmøte for målgruppa og drar det totale oppmøtetalet opp, men det er ting som kan tyda på at andre i kyrkjelyden går sjeldnare fordi det er færre vanlege gudstenester med forkyning retta mot dei kyrkjevande. I tillegg ser det ut som gudstenestereformen sitt fokus på lokale ordningar og musikk fører til ein høgare terskel for å gå i andre kyrkjer enn den ein soknar til. Dette trengs det meir spesielt forsking på for å finna ut av.

Den nedadgåande tendensen er likevel ikkje eintydig, lokale forhold som t.d. ny kyrkje gjev større deltaking. Prosten i Nordhordland skriv: At gudstenestetalet held seg så godt i prostiet dei siste åra, må ikkje minst tilskrivas den sterke auken i gudstenesteditaking i Alversund sokn etter at Knarvik kyrkje vart bygd. Frå 2013 til 2015 var i soknet ein auke på 77%. Frå 2015 til 2016 var det ein ytterlegare auke i totalt frammøte på sun- og helgedagar på 7,2%.

Påfallande er at nabosoknet Seim også har hatt ei sterk auke i gudstenesteditaking (45%) frå 2015 til 2016, i dei andre sokna i Lindås er det totalt sett mindre endringar.

### Endringar i strategiar og planar

Det vil i 2017 og 2018 bli skipa til kurs i formidling og prostibasert kurs i forkyning vil verta prioritert i kompetansehevinga, noko som ein vonar skal gje betre kommunikasjon i gudstenesta. Vi vil og arbeide vidare med forhold rundt gudstenester og trusopp-læring, involvering av frivillige og forhold rundt det liturgiske/kyrkjemusikalske.

### Resultatmål:

#### Gudstenestetilbodet vert halde oppe.

#### Indikator 2:

#### Gudstenestefrekvens sun- og helgedagar (sjå også fig. 3).

	2013	2014	2015	2016*
Tal gudsten.				
sundagar	6573	6598	6461	6465
Gudsten.				
andre dagar	2061	1927	2008	1897

\* Tal frå prostane, dette er truleg litt ulikt endelege SSB-tal som kjem i juni 2017

**Resultatmål er oppnådd.** Gudstenestetalet på sun- og heilagdaggar er stabilt. Det er omlag likt tal på sun- og heilagdagsgudstenester i 2016 som i 2015 (6461) etter ein nedgang i 2014 (6598) og ein liten oppgang i 2013. Dette er godt innanfor kalendervariasjonane.

Det som styrer gudstenestefrekvensen på sundagar er presteressursane som igjen er avhengig av økonomien i bispedømet, og ein har hatt som mål å setja inn vikar ved vakanse for å halda oppe fre-

kvensen. Det er sett i gang eit arbeid med ny gudstenesteforordning. Det fyrste prostiet som var ferdig var Nordhordland, der vart nokre kyrkjer gjort til kasu-aliakyrkjer, men talet var auka i hovudkyrkjene slik at talet for prostiet var det same.

#### Kommentar til risikovurdering i årsplanen for 2016 og strategi.

Det er peika på trongen for leke gudstenesteleiarar som viktig i område der det kan vera problem med å få vikar for prest ved vakansar eller manglande presteressurs. Det vart i 2016 skipa til eit todagars kurs for leke gudstenesteleiarar for å styrka dei som alt er gudstenesteleiarar og for at prostane skulle kunna rekruttera nye.

### Resultatmål:

#### Fleire vel kyrkjeleg vigsel.

#### Indikator 3:

#### Talet på kyrkjelege vigslar.

	2013	2014	2015	2016*
Vigslar	1002	967	1033	900

\* Tal frå prostane, dette er truleg litt ulikt endelege SSB-tal som kjem i juni 2017

Talet på kyrkjeleg vigslar gjekk ned etter ein auke i 2015. I kva grad det er samanheng med samlivsdebatten i kyrkja er det vanskeleg å seie noko om.

### Resultatmål:

#### Oppslutninga om kyrkjeleg gravferd vert halden oppe.

#### Indikator 4:

##### Del kyrkjelege gravferder av talet på døde.

	2013	2014	2015	2016*
Tal kyrkjelege gravferder	4474	4395	4400	4267
Pst. kyrkjeleg gravferder av alle døde	93,0	93,5	91,8	88,6

\* Tal frå prostane, dette er truleg litt ulikt endelege SSB-tal som kjem i juni 2017

Det er ein liten nedgang i oppslutninga rundt kyrkjeleg gravferd på 3,0%. Den er

ikkje dramatisk. Vi vurderer det heller slik at det er overraskande at ikkje dette har kome før. Tala har vore stabile over tid. Dette kan skuldast at det har vore få alternativ, særleg i små lokalsamfunn. Det er positivt at kyrkja har høg tillit rundt bruken av kyrkjelege handlingar, som er høgare enn medlemstalet. Måltalet må likevel primært vere å følgje opp eigne medlemmer best mogleg.

##### Kommentar til risikovurdering i årsplanen for 2016 og strategi.

Kyrkjelege handlingar er ein sterk indikator på det folkekyrkjelege tilhøve. Det er difor viktig å følgje med på utviklinga både på vigsel og gravferd. Det er ikkje

lett å sette inn direkte tiltak, men tiltak på omdøme er vesentleg. Samstundes vil vi vurdere om det i større grad er naudsynt å synleggjering det kyrkjelege tilbodet også på desse områda. Det er ikkje lenger sjølvstøtt at alle veit om kva kvalitet vi leverer rundt kyrkjelege handlingar.

#### Resultatmål:

##### Kyrkja gjev rom for ulike kunst- og kulturuttrykk.

#### Indikator 5:

##### Tal på konsertar og kulturarrangement i kyrkjene\* (tabell 5).

Det er auke i talet på konsertar i regi av andre, men nedgang i eigne konsertar. Derimot er det auke i andre kulturarrangement, både i regi av kyrkjelyden og andre. Det er auke i totalen. Det vitnar om mykje godt kulturarbeid lokalt. Les meir om kultur i kap. 3.3.6

Tabell 5: Tal på konsertar og kulturarrangement i kyrkjene\*


	Konsertar i eigen regi	Konsertar i regi av andre	Kulturarr. i eigen regi	Kulturarr. i regi av andre	Total
2016	794	568	295	136	1793
2015	876	518	199	60	1653

\*Førebels tal for 2016 frå SSB, det manglar tal frå Oppstryn og Nedstryn

Tabell 6: Inn- og utmelding prostivis

Prosti	Innmelde	Utmelde	Utmelding i forhold til medlemstal	Medlemmer (31.12.15)	Medlemmer (31.12.16)	Prosentvis endring medlemstal
Domprostiet	59	1424	2,3	63097	61429	-2,7
Fana	72	993	1,0	99427	99022	-0,4
Åsane	28	511	1,0	52066	51662	-0,8
Sunnhordland	38	391	0,8	48125	47842	-0,6
Hardanger og Voss	19	295	0,7	39632	39144	-1,2
Nordhordland	22	243	0,8	29757	29697	-0,2
Sogn	12	149	0,6	23893	23859	-0,1
Sunnfjord	14	255	0,7	37341	37083	-0,7
Nordfjord	11	141	0,5	26835	26751	-0,3
Vesthordland	23	550	1,1	50888	50848	-0,1
Bjergvin bisped.	298	4952	1,1	471061	467337	-0,8

Figur 5: Inn- og utmelding



#### Inn- og utmelding (tabell 6/figur 5)

	2013	2014	2015	2016*
Innmeldingar	105	105	185	298
Utmeldingar	649	1224	1731	4952

\* Tal frå prostane, dette er truleg litt ulikt endelege SSB-tal som kjem i juni 2017

Utmeldingane fordeler seg ikkje jamt i bispedømet. Ser ein på prostia ser ein at utmeldingane har vore flest i domprostiet. Deretter kjem dei andre prostia i Bergen og Vesthordland, medan prostia i Sogn og Fjordane har prosentvis færrest utmeldingar. Talet på innmeldingar og utmeldingar auka mykje i 2016.

Hovudårsaka til dette er nok innføring av elektronisk utmelding som har gjort det lettare å melda seg ut og dette har nok ført til at folk som har tenkt på det nytta høvet. I tillegg blir det og rapportert frå prestane at det har vore ein auke i utmeldingar som er grunngeve med kyrkjemøtevedtaket om liturgi for likekjønna vigsel. Dette har ikkje gjort store utslag i statistikken, men ein kan sjå tendensen i nokre kyrkjelyder der dette har vore tema, men det er uklart om effekten slo ut i 2017 eller 2016.

Urbane prosti som Fana og Domprostiet har flest utmeldingar. Dette gjev eit noko anna bilde enn det prestane melder. Prostia der bedehusa står sterkt hadde og utmeldingar, men lågare enn snittet. Det er og ein liten auke i innmeldingar.

# Djupdykk i medlemskap

Av Gisle Sørhus, sokneprest i Sveio

## Bjergvin bispedøme sin medlemsmasse fordelt på årskull.

Bjergvin bispedøme har 76,3 prosent medlemmer i Hordaland fylke og 84,2 prosent medlemmer i Sogn og Fjordane (2015-tal). Dåpsprosenten var på 61,4 i Hordaland og 88,1 i Sogn og Fjordane. På 14 år har talet minka med ca 20 prosent (Sogn og Fjordane hadde utrulege 106 prosent i 2001). Delen av ungdomar som blir konfirmerte, ligg noko under medlemstala: 70 prosent i Hordaland og 84,3 prosent i Sogn og Fjordane. Her har det berre gått ned 5 prosent på 14 år. Dette vitnar om at den prosentmessige medlemsmassen er noko ujamn etter ulike aldersgrupper. For å få ei betre forståing av fordelinga av kyrkja sine medlemmer kan det difor vere interessant å sjå på kor stor del medlemmer det er i Den norske kyrkja etter årskull. Som vi ser i figur 6, er det ein forholdsvis ujamn graf med to store fall. Det eine er frå 27-42 år der botn ligg ca 12 prosent lågare enn gjennomsnittet. Den andre er ein jamn nedgang i dåpstal frå 1-14 år (-16%). I tala over tilhøyrande ser vi derimot ikkje den same markante nedgangen (-6%). Dette er ikkje unikt for Bjergvin bispedøme. Over heile landet ser ein den same variasjonen. Denne variasjonen er også til stades i alle prostia våre, sjå fig. 7.

## Umiddelbart viser grafen følgjande:

1) Det er ein sterkt aukande del born av medlemmer som ikkje blir døypte (15 prosent av eittåringane).



- 2) Det er ein aukande del born som som vert fødte der foreldra ikkje er medlemmer i Den norske kyrkja (DNK) (6 prosent færre eittåringar enn 14-åringar).
- 3) Det er eit markant fall i medlemsdelen blant 25-45 åringar.

Den delen av folket som føder born, er ein del av dette fallet. Gjennomsnittsalderen for dei som føder første gong er ca. 30 år. Fallet i dåpstal samsvarer med fallet i medlemskapet for foreldra. Dette er derimot ikkje like tydeleg blant borna som er tilhøyrande.


I sin situasjonsrapport for DNK frå 2014 skriv KIFO (kirkeforskning) at ei naturleg forklaring på fallet i medlemsandel dei siste åra er å finna i innvandring. Det er relativt få innvandrarak som melder seg inn i DNK. Dette er også ei god forklaring på mykje av svingningane i medlemsdelen etter alder. Tal frå SSB viser at det er høvesmessig fleire innvan-

drarak mellom born og 20-42 års alderen. Innvandring er likevel ikkje den einaste forklaringa.


## Utmeldingar av unge vaksne

I 2016 melde 4952 seg ut av DNK i Bjergvin. Når desse blir fordelte etter alder var 62 prosent av utmeldingane i aldersgruppa 20-40 år. Dette utgjorde eit fall i delen medlemmer på 1-2 prosentpoeng for dei gjeldande årskulla. (Fallet i medlemsmassen for årskulla var 2-3 prosent). Vi har pr. dags dato ikkje funne nokon tal for aldersfordelinga på utmeldingar for tidlegere år. SSB oppgjer at det var til saman 7763 utmeldingar i bispedømet i åra 2012-2015. Dersom vi legg årets aldersmessige fordeling til grunn for desse utmeldingane, så får vi ei total utmelding på 3,5-5 prosent av det totale kullet for aldersgruppa 20-40 år. Det må presiserast at dette er eit anslag og at det er fleire grunnar til å tru at fordelinga kan ha vore annleis for desse kulla.

Figur 6: Variasjon i medlemsmassen etter alder - Bjergvin



Figur 7: Variasjon i medlemsmassen etter alder - prostia i Bjergvin



## 3.2 Dåp og trusopplæring

### Strategisk mål:

**Fleire søker dåp og trusopplæring.**

### Resultatmål:

**Oppslutninga om dåp aukar.**

Oppslutninga om dåp kan sjå ut til å ha stabilisert seg. Tala er usikre, men nedgangen frå tidlegare år verkar å ha snudd noko. Det er likevel for tidleg å konkludere noko endeleg om dette.

### Indikator 1:

**Prosent døypte av tilhøyrande born som er 1-5 år per 1. januar 2017. Sjå tabell 7.**

Når ein ser på dåpsprosenten av dei tilhøyrande, det vil seia born av medlemmer, ser ein dei same tendensane som i resten av landet, ein nedgang på 5 prosentpoeng siste 5 år, men ei stabilisering siste år. Tendensen er ikkje ein tydig, for når ein ser på døypte i prosent av fødte totalt er bildet eit anna slik det viser nedanfor.

Tala viser ei stabilisering, men med ei nedgang i Sogn og Fjordane.

Sjå også tabell 8: Dåpsprosent av fødte, tabell 9, dåpstal i bispedømet – 5-årsperspektiv og tabell 10: Dåpstal fordelt på prostia.

Det er ein liten nedgang i talet på dåp totalt, men med store lokale variasjonar. Det er gledeleg at dåpstala viser oppgang i alle prostia i Bergen og særleg i Domprostiet. Her har representantar for Bergen kyrkjelege fellesråd og kyrkjelydane arbeidd med å forbetra invitasjonsmateriell og rutinane og fleksibilitet rundt melding av dåp. Forklaringa på den til dels markerte nedgangen i fleire prosti er ikkje klar. I eit tilfelle der ein har undersøkt viste det seg at ein markert nedgang på Voss hang saman med eit lite fødselskull og der var dåpsprosenten blant born av medlemmer på 98%. Dette viser at det er vanskeleg å tolka desse dåpstala som ein samla trend, fordi det er store lokale variasjonar slik tala frå prostia viser.

### Delmål:

**DNK skal formidle evangelisk-luthersk tru og tradisjon og tilby trusopplæring til alle døypte born.**



Utdeling av fireårsbok i Salhus.

### Resultatmål:

**Omfanget av trusopplærings-tilbudet aukar.**

### Indikator 2:

**Opplæringstilbod i timar (snitt).**

2013	2014	2015	2016
189	148,1	155	220
i planane	rapportert gjennomført	rapportert gjennomført	

Vi har ein auke gjennomførte timar. Bjørgvin har ei stor utfordring med mange sokn og få born i målgruppa på kvar stad. I vår rettleiing tilrår vi at ein slår saman årskull, og nyttar dei gode ressursane ein har til mest mogleg smart organisering. Med små årskull kvar stad er òg tildelinga lita. Vi legg vekt på at det må vera ein realistisk plan sett i høve til den tildelinga som er gjeven. Difor har vi færre timar i planane, men di viktigare er

det at dei timane vert gjennomførte. Vi er på god veg, med ein auke på 7 prosent frå 2014 (jfr etatstatistikk). Og til 2016 er det eit godt hopp i timetalet, men framleis ligg vi under landssnittet på dette området. Tala er ikkje samanliknbare frå 2015 til 2016 på grunn av annleis måte å telje timar på i planverktøyet. Tala på dette punktet er ikkje så interessante for ein har fått godkjent planar i heile bispedømet, og det skjer i 2017. Så i rapporteringa i 2018 og 2019 er desse tala nyttige styringsverktøy.

Vi ser eit stort behov for rettleiing, inspirasjon og fagleg oppdatering på bispedømenivå. Trusopplæringa er prega av sårbar og ofte små stillingar. Etter kvart som reforma er i drift, vil det verta fleire som treng rettleiing og endring av planar. Rådgjevarane på bispedømenivå har også høve til å sjå samanhengar på tvers av fellesrådgrensar. Dette vert viktigare og viktigare fordi både ressursituasjonen, arbeidstida for prestane og rekrutteringsproblematikken



FOTO. TGI MEDIA

gjør at det trengst organ som kan sjå samanhangen og byggja nettverk mellom sokna.

### Resultatmål:

**Oppslutninga om trusopplæringa aukar.**

### Indikator 3:

**Deltakardel i utvalde landsomfattande breiddetiltak. Sjå tabell 11.**

Tala her fortel førebels kven som har fått planane sine godkjent i planverktøyet, og om dei dreg snittet opp eller ned. Grunna mange omleggingar i plansystemet i årsskiftet 2015-2016 er det etterslep på godkjenning av planar og difor aukar ikkje talet frå førre årsmelding så mykje her, og prosenten går litt ned. Det kan bety at godkjente planar i 2016 er i bynære strøk (t.d. Sælen og Fyllingsdalen), og at dei difor dreg ned snittet for bispedømet.

Tabell 7: Prosent døypte av tilhørande born som er 1-5 år per 1. januar 2017

Alder:	1 år	2 år	3 år	4 år	5 år	Endr. frå 1-2 år	Endr. fra 1-5 år
Bjergvin	80	79	79	82	83	1	-3

Tabell 8: Dåpsprosent av fødde

	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Hordaland	70,1	68,0	67,1	64	61	61
Sogn og Fjordane	98,8	95,2	93,4	85	88	84
Bergen	56,3	54,0	52,5	41	44	44
Bjergvin bispedøme	74,8	71,5	72,1	67,3	65,1	64
Heile landet	66,4	63,7	62,0	59,2	57,6	

Tabell 9: Dåpstal i bispedømet – 5-årsperspektiv

	2011	2012	2013	2014	2015	2016*
Bjergvin bispedøme	5598	5407	5216	4945	4925	4864
Talmessig endring frå året før	-110	-191	-191	-271	-20	-61
Prosentvis endring frå året før	-1,93 %	-3,41 %	-3,53 %	-5,20 %	-0,4%	-1,2%

\* Ukorrigerde tal, innsamla gjennom prostane

Tabell 10: Dåpstal fordelt på prostia

	2014	2015	2016	Endring	Endring %
<b>Bjergvin bispedøme</b>	<b>4945</b>	<b>4925</b>	<b>4864</b>	<b>-61</b>	<b>-1,2</b>
Bergen domprosti	496	498	554	56	11,2
Fana prosti	991	1000	1032	32	3,2
Åsane prosti	464	464	462	-2	-0,4
Sunnhordland prosti	633	581	565	-16	-2,8
Nordhordland prosti	385	387	341	-46	-11,9
Hardanger og Voss prosti	431	460	396	-64	-13,9
Sogn prosti	267	246	215	-31	-12,6
Sunnfjord prosti	363	386	362	-24	-6,2
Nordfjord prosti	301	300	295	-5	-1,7
Vesthordland prosti	614	603	642	39	6,5

Tabell 11: Deltakardel på nasjonale breiddetiltak

	Dåps-samtale	4-års bok	6-års saml.	Tårn-agent	Lys Våken	Konfirm.	Etterkonf.	Total
Døypte i målgruppe	2369	2624	3079	3094	2814	3306	2803	19239
Deltakarar	2537	1452	1174	910	808	3041	294	10163
% 2016	107	55	38	30	29	92	10	52
% 2015	103	58	38	31	31	93	11	53
% 2014	101	60	40	30	34	93	28	56

Tabell 12: Gjennomsnittleg tal på tiltak for ungdom

Tiltak	Gudst.-for ungdom	Klubb kafé (13-15)	Andre tiltak (13-15)	Klubb/kafé (16+)	Sport	Leiar-kurs	Anna opp-læring	Week-end	Anna
2016	366	102	68	30	63				
2015	320	84	61	41	57	60	28	117	41
2014	305	76	54	55	33	86	17	97	45
2013	316	71	69	51	48	77	26	71	33
<b>Frammøte</b>									
2016	41498	2138	1086	1070	711				
2015	37915	2002	946	957	390	587	237	2556	848
2014	34744	1981	893	1413	555	703	194	1665	734
2013	37000	2897	1468	1217	695	706	222	1368	984

Når alle einingar har fått godkjente planar kan vi få rettare samanlikning av tal. I årsmeldinga vi skriv i 2019 for 2018 kan vi sjå utviklinga etter to år med forhåpentlegvis godkjente planar for heile bispedømet. Likevel er det andre statistiske utfordringar, som at årskulla svingar, og at dåpstala går ned. Det vil difor seie at ein kan få auke i oppmøteprosent, utan å ha vekst i faktisk tal på deltakarar.

Vi er urolege for at folk sitt generelle syn på kyrkja slår ut i at det er vanskelegare å få barn og unge til å melde seg på konkrete trusopplæringstiltak. Ein vert lokalt «straffa» for kyrkjepolitiske vedtak av nasjonal karakter og kontroversar i det offentlege rom som fylgje av det.

No som alle prostia får godkjende planar, er det nærmast ei eksplosiv auke av «omsetninga» på tiltak i trusopplæringa. Det er ei utfordring at behovet for kompetansebygging, rettleiing og oppfølging er stort i høve til det ein har kapasitet til å tilby frå bispedømekontoret. Det er ei auke på ca 2000 tiltak i trusopplæringa, til no nærare 7000. Det er og ei stor utfordring at enkelte fellesråd ikkje fylgjer opp vedtak frå kyrkjemøtet om kompetansekrav til tilsette. Fleire stader ser ein at det vert tilsett folk i stillingar i trusopplæringa som ikkje har den kompetansen som vert kravd. Det står tydeleg at viss det ikkje er kvalifiserte søkjarar, kan ein søka bispedømet om å gjera ei stilling midlertidig. Det er vår oppfatning at fellesråda ikkje veit dette. Det er til dømes fleire tilsette i kateketstillingar som har 0 studiepoeng i kristendom. Minimumskravet for kyrkjelydspeagogane på minimum 30 studiepoeng er også ofte ikkje fylgt. Spesielt i høve til konfirmanter er det kritisk viktig at dei som underviser har den vedtekne kompetansen som vert kravd for stillinga.

## Mål for skule/barnehagesamarbeid:

### Gjennomsnittleg tal på skule- og barnehagegudstenester.

#### Tal skulegudstenester:

2013	2014	2015	2016
441	423	414	428

#### Tal born på skulegudstenester:

	2014	2015	2016
Tal born	77 896	71 811	76 398
Snitt	184	188	179

Det er ein auke i talet på born på skulegudstenester. Prostane seier det kan vera utfordringar når det vert skifte av rektorar. Enkelte stader er det og ein stor kostnad med transport til kyrkja og ein vel å ikkje koma av den grunn. Biskopen hadde eit utspel i Bergens Tidene saman med ein rådgjevar omkring skulegudstenester. Ein kan og sjå en liten tendens på at det vert eit besøk i kyrkja før jul med klassane, evt. julevandring i staden for gudsteneste. Dette vert ikkje talfesta.

#### Barnehagegudstenester:

	2014	2015	2016
Gudstenester	243	214	230
Antall born	16 411	14 469	15 465
Gj. snitt	67	67	67

Her trur vi tendensen er at barnehagane kjem på Påskevandring i kyrkja i staden for ei gudsteneste. Dette er heller ikkje talfesta.

## Resultatmål:

### Oppslutninga om konfirmasjon vert halden oppe:

Målet er nådd. Vi hadde ein auke på konfirmasjon i Bjørgvin i 2015, i 2016 er vi tilbake på 2014-tal. I forhold til folketalet i aldersgruppa 15 år var det i 2013 73,8 %, i 2014 74 % og i 2015 75% altså ein auke på 1 % av konfirmerte 15-åringar i Bjørgvin.

## Indikator 4:

### Del konfirmerte av døypte 15-åringar i Bjørgvin:

2013	2014	2015	2016
92,9%	92,1%	92,9%	92,0%

Det er stabil oppslutning om konfirmasjonen blant medlemmar. Dette vurderer vi som god måloppnåing.

## Mål for ungdom:

### Vi hadde ikkje eige mål for ungdom i 2016.

## Indikator 1:

### Gj.snittleg tal på tiltak for ungdom. Sjå tabell 6

Vi hadde i 2015 ein auke i talet på gudstenester for ungdom som heldt fram i 2016.



Frå ungdomstinget 2016.

Det er stor variasjon i tala på dei ulike tiltaka. Det er ein auke i tiltak for yngre ungdom som klubb og ungdomskafe, samstundes ser vi ein liten nedgang i tiltak for eldre ungdom, men ein auke i frammøte. Det er særleg gledeleg å sjå at det har vore ein markert oppgang i deltakarar på leiartrening. Dette har hatt stort fokus både i rekrutteringsutvalet og har hatt prioritet i OVF-tildelingane.

### Ungdomsarbeidet.

Vi meiner framleis at kyrkjeleg årsstatstikk ikkje spør dekkjande nok om kva som skjer av ungdomsarbeid i ein kyrkjelyd. Det kan vera ein tendens at dei tilsette ikkje finn organisasjonane som relevante nok, eller at dei er opptekne av å laga sine egne opplegg i eigen kyrkjelyd. Det er også ei tendens at dei kyrkjelege tilsette i trusopplæringa har fokus på det som skjer før konfirmanntida. Det er framleis ressurskrevjande å få til eit godt



FOTO: BJØRGVIN BISPEDØMEKONTOR

Norges KFUK-KFUM inviterte seg inn på eit møte med biskopen og prostane. Generalsekretæren kom med ein uførbeholden invitasjon om samarbeid, og svaret var at dei måtte berre fortsette å kome opp med gode tilbod, men dei har ein jobb å gjera i høve til kyrkjelydane, at dei må oppleve tilboda som relevante. Det har både med haldningar hos dei tilsette å gjera, og korleis organisasjonen kommuniserer sitt arbeid. At både Ungdommens kyrkjemøte og Kyrkjemøtet og seinare Kyrkjerådet er tydelege på at det er eit ynskje for kyrkja å spela på lag med organisasjonane er ei god hjelp også i vår rettleiing til kyrkjelydane. Det gjeld alle organisasjonane. Fleire i vårt bispedøme reiser på Spekter med konfirmantane, og vi er også takksame for Acta sitt tilbod KonfCamp i førpåskan i Etne.

### Kyrkje 18-30, «Noen med noe på hjertet».

Arbeidet med «ung katedral» i St. Jakob har byrja å bere frukt. Ein har eit godt samarbeid med Norges KFUK-KFUM, NMSU og studentprestane, slik at det no er ei gudsteneste kvar søndag kl 1900 i St. Jakob, med eigen liturgi med band (etter Gudsteneste for unge vaksne, «GUV»-modell) og Jakobsmessasom er skriven av Erik Hillestad og Karoline Krüger. Det er og ei nyskaping som går 3. kvar søndag : «Noen med noe på hjertet» Det er ein gjest, ein samtale omg og påfølgjande nattverd. Arbeidet i St. Jakob er også ein stad der vi framleis ser eit rekrutteringspotensiale. Ein har også gode relasjonar til NLA sitt studium i Praktisk teologi og leiing, med Bård Hallesby Norheim og May Bente Matre som ressursar.

### Indikator 2:

#### Tal på deltakarar på ungdomstinget.

Ungdomstinget : 30  
Ungdomsrådet : 8

Deltakartalet på ungdomstinget gjekk litt ned i fjor. Ungdomsrådet har hatt 10 møte og eit stort engasjement, LIV-kurset i KFUK-KFUM har fleire stader lagt det inn som ein del av opplegget sitt. Ungdomsrådet har hatt gode prosessar, men ein arbeider også med si eiga sjølvforståing; Kva er dei valt til å gjera og med kva mandat. Ungdomsting og Ungdomsråd er samstundes ein viktig arena for utvikling av demokrati.

ungdomsarbeid. Ein kan spørja seg i kva grad kyrkja har appell til den moderne måten å leva på. Den estetiske formateringane som ligg t.d i gudstenesta er framand for mange. Spørsmålet om kva vi kan gjera med dei unge for å få dei med vidare etter konfirmanttida kan vi like gjene snu til å spørja kva vi kan gjera med kyrkja for at den kan vera meir relevant i livet til unge menneske. Kompetanse blant tilsette er også viktig og som vi skriv under trusopplæringa, så er det ei stor utfordring at mange av dei tilsette i dag ikkje har nok teologisk og kyrkjefagleg kompetanse. Mange av dei har eit brennande engasjement for trua på Jesus, men dei kjem frå andre samanhengar enn kyrkja. I møte med ei meir sakramental forståing av trua, er dette ofte utfordrande også i høve til prestane. I Åsane prosti held dei fram med «Thank God it's Friday», eit tilbod for dei etter konfirmanttida. Det er eit spanande prosjekt både i høve til å

bruke prostiet som ei eining, men òg at dei har tilbodet på omgang i kyrkjelydane. Vi har i 2016 vore i tett dialog med dei for å hjelpa dei vidare, spesielt med tanke på at dei kunne knytte seg til ein organisasjon. Arbeidet i St Jakob er også intensivert og det vert planlagt meir arbeid som kan vera relevant for dei omliggande kyrkjelydane. Spesielt knytt til Puslespillet som er eit nytt gudstenesteilbod på dei unge sine premisser. Det vert også arbeidd med opplegget «VIDERE» som eit meir ope tilbod til etter konfirmanttida. Alt dette i tillegg til arbeidet med MILK og LIV-kurs som framleis står sterkt i bispedømet, spesielt i Bergen. Elles er det mykje godt arbeid knytt til både Norsk luthersk misjonssamband og Indremisjonsforbundet, som også lukkast nokre stadar med å få med fleire vidare, spesielt Øygarden er eit godt døme på dette, men her er det stort engasjement og kompetanse blant dei tilsette.

### 3.3 Kyrkje og samfunn

#### Staregisk mål:

**Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet.**

#### 3.3.1. Diakoni

##### Diakonar

Det vart i 2016 tilsett ny diakon i Slettebakken kyrkjelyd i Bergen. To andre fekk og omgjort sine tilsetningar frå diakoniarbeidar til diakon etter å tatt master i diakoni.

Etter at diakoniarbeidar i Gloppen, Britt Randi Heggheim, gjekk av med pensjon i 2016 er det pr. i dag ikkje er ein diakon eller diakoniarbeidar tilsett i heile Nordfjord prosti. Det vart arbeidd med å få på plass ein diakonstilling med statleg tilskot i 2015, men fordi det ikkje var midlar lokalt til å støtte opp om stillinga, vart dette ikkje noko av.

Sjukehusprestane på Haukeland og Haraldsplass sjukehus, representantar

for diakonane i Bergen kyrkjelege fellesråd, sjukeheimsprest-tenesta i Bergen kommune og Bjørgvin bispedøme har i ein periode prøvd å få på plass eit tre-årig prosjekt med vekt på åndeleg og eksistensiell omsorg på sjukeheimar i Bergen som ein oppfølging av Samhandlingsreforma. Dette arbeidet vart stoppa av gruppa i 2016 pga. ressursmangel. I staden vert det arbeidd vidare med eit dagseminar med same tema.

3. november 2016 arrangerte «Diakoni i Bjørgvin» Bjørgvin diakonikonferanse i Salem konferansesenter med 150 deltakarar. Bidragsytarar var Harald Stoltenberg, Henrik Syse, biskop Halvor Nordhaug og Hilde Frafjord Johnson. «Diakoni i Bjørgvin» er eit ikkje-formelt nettverk for leiingar av diakonale organisasjonar, institusjonar, kyrkjelyder og diakonale tiltak. Bjørgvin bispedøme er sentrale i dette nettverket. Målet er å bidra til eit diakonalt nettverk, skape ein møteplass for diakonien, samt å byggje diakonal kompetanse.

I tillegg til diakonikonferansen arrangerer nettverket 1 – 2 frukostmøte i

halvåret på Haraldsplass med aktuelle diakonale tema.

##### Flyktingar

Bjørgvin bispedømeråd inviterte til fagseminar om kyrkja og flyktingane i oktober 2015. Tema var oppe igjen under dikaonikonferansen då Hilde Frafjord Johnson skulle svare på om det finst håp for flyktingar og innvandrarar. Eit planlagt seminar om flyktingar og asylsøkjjarar blir gjennomført i januar 2017 i samarbeid med Bjørgvin kyrkjeverjelag på oppdrag frå OU-styret i KA.

##### Resultatmål 1:

**Fleire kyrkjelydar utviklar plan for diakoni.**

##### Indikator 1:

**Sokn med plan for diakoni.**

Diakoniutvalet i Bjørgvin bispedøme har i 2014 motteke diakoniplan for ein kyrkjelyd. Ifølgje tal frå kyrkjelydane er det

Kyrkja og frivilligsentralen i Førde arrangerte opa julefeiring for 10. gong. 12-14 nasjonalitetar var representert.

FOTO: INGVAR VANGSTAD







«På troen løs» 9. mars 2016, med Frank Aaarebrot.

FOTO: BJØRGVIN BISPEDØMEKONTOR

no 93 godkjende diakoniplanar i kyrkjelydane i Bjørgvin bispedøme. Dette er ein nedgang på 6 frå førre år (99 i 2015).

### Vurdering

For å få fleire kyrkjelydar til å satse på og utvikle lokale planar for diakoni, har diakonirådgevar arrangert 4 kurs med tema diakoniplan. Bjørgvin diakoniutval arbeider samstundes med å vidareutvikle kurset for å gjere det betre og for å få realisert fleire diakoniplanar. Vurderinga er at satsinga vil svara seg i talet på nye diakoniplanar. Samstundes skal det og nemnas at kyrkjelyder seier dei ikkje vil prioritere arbeid med lokale diakoniplanar då dei ikkje har diakon og/eller ressursar til å lage ein plan og satse diakonalt i kyrkjelyden. Dette er ei stor utfordring for kyrkja. Satsinga på diakonikonferansen og frukostmøta er difor viktig for å skape entusiasme og tru på at diakonien har ein sjølvstøtt plass i kyrkja og kyrkjelydane.

### 3.3.2 Inkluderande kyrkjeliv

Aktiviteten på området har vore noko

prega av at spesialpresten har vikariert som sokneprest i heile 2016. Men den grunnleggjande verksemda er oppretthalden. Slik er eit nytt integreringsutval med kompetente og engasjerte medlemmer kome i arbeid. KR/KA si ansvarsklaring «Trosopplæring og konfirmasjon med like muligheter for alle» er fylgd opp med informasjon til kyrkjelydane. Det tilpassa konfirmantopplegget Konf+ knytt til Åsane kyrkje for konfirmantar med utviklingshemming frå heile Bergen er ført vidare i samarbeid med Bergen kirkelige fellesråd og i samråd med aktuelle skular i Bergen. Einskilde konfirmantar og deltakarar i trusopplæringa som har særskilde behov er følgde opp gjennom kontakt med prestar, kateketar og pårørande.

Det er rekruttert fem deltakarar frå bispedømet til etterutdanninga «Funksjonshemming og kirken» og eit kyrkjelyd leirtilbod i tilknytning til det er blitt marknadsført for kyrkjelydane. To fellesrådsområde har gjennomført kurset «Bli kjend i kyrkja» for utviklingshemma. Det er innhenta faglege impulsar gjennom spesialpresten si deltaking i det nasjonale nettverket for integreringsrådgevarar.

### 3.3.3 Kommunikasjon og samfunnskontakt

#### Kyrkja er ein relevant aktør i mediasamfunnet.

Kyrkja er ein tydeleg og konstruktiv aktør i det norske samfunnet i samarbeid med styresmakter, livssynssamfunn, kulturliv og ulike organisasjonar.

#### Resultatmål:

##### Utvikla velfungerande heimesider.

#### Indikator:

##### Treff på heimesidene.

- Økter: 28 904 (45 445 i 2015). Dette er våre tal frå Google analytics. Tal frå kyrkjerådet viser 30 607. Ei økt - ein brukar kan i løpet av ei økt vera innom fleire sider på nettstaden.
- Brukarar: 13 305 (18 951 i 2015). Ein brukar er ein unik brukar i form av ei unik maskin, men same brukar kan ha for eksempel jobb-pc, fleire heime-PC-ar, nettbrett, mobil.

Den store nedgangen i økter og brukarar skuldast i hovudsak kyrkjevalet. I 2015 var det fleire toppar knytt til kunngjering av valet – først lista og så valresultatet med ein topp med kunngjering av resultat etter direkte val 24. september (1014 økter). I 2016 var det denne saka som fekk mest treff (644 økter): «Fullt hus då biskopen og ateisten diskuterte tru og vitenskap». Det var kø av folk som ikkje kom inn då biskop Halvor Nordhaug møtte professor i teoretisk astrofysikk og ateist Øystein Elgarøy til samtale om temaet «Tru og vitenskap - samanheng eller samanstøyt?» Denne saka hadde også link til opptak av samtalen. 3248 av øktene var brukarar som kom til sida frå Facebook. Dette er brukarar som les om sakene på biskopen sin profil og klikkar seg vidare til nettsidene. Elles kjem mange av treffa frå lesarar av e-posten «Nytt frå Bjørgvin» som vi sender ut til om lag 1000 abonnentar når det er nye saker på nettsidene.

## Presseklipp

Det vart i 2016 registrert om lag 693 relevante presseklipp på biskopen i Bjørgvin, dette er ein auke frå 2015 då han var omtalt i 596 presseklipp. Ein del av auken skuldast at han var fungerande preses ein periode dette året og difor uttalte seg på vegner av bispemøtet.

### Følgjande saker fekk

mest oppslag:	klipp	prosent
Likekjønna ekteskap	130	19
Lesing av koranen i kyrkja og felles bøn med muslimar (+10 i utanlandsk presse, stort sett tyrkisk)	74	11
Prestens samliv/sambuarskap	45	6
Visitatar (omtale før eller reportasje undervegs)	31	4
Skulegudsteneste-debatt	30	4
Tru og samfunn-politikk	28	4
Flyktningar og asylpolitikk	25	4
Prestestillingar og økonomi	20	3
Per Lønnings død - minneord og omtale	20	3
Støtte til prestar som har fått reaksjon på si forkynning eller haldning knytt til likekjønna ekteskap	15	2
«På troen løs»	14	2
Vigslar ute i naturen	14	2

Biskopen var aktiv lesarbrevsribent med 29 registrerte innlegg. Vi har ikkje presseklipp over radio- og TV- innslag, men biskopen er fleire gonger i året på

NRK radio og fjernsyn og TV 2. VL, Dagen, BT og NRK er dei media som har flest saker der biskopen er nemnt. Bispedømerådet og administrasjonen er i mindre grad i media enn det biskopen er. Biskopen sin facebook-profil er oppdatert med nye oppslag med ujamne mellomrom. Det mest leste oppslaget hans hadde 8 274 lesarar og var eit kort kommentar minneord knytt til Karsten Isachsens død. Elles brukar han profilen til å skriva om arrangement og visitatar han er med på eller kommentarar han har til aktuelle hendingar. Profilen blir også brukt til å peika til oppslag på bispedømet sine nettsider. I tillegg har Nordhaug ein privat profil som er mykje besøkt.

## «På troen løs» og «Luther øre»

Biskopen starta i 2015 ein samtaleserien På Troen Løs, der tvilarar, truande, ateistar og alt derimellom deler podiet med moderator Håvard Nyhus og biskopen sjølv. Det har vist seg å bli ein populær serie, med tilhøyrarar frå ulike miljø i Bergen. Serien er eit samarbeid med Litteraturhuset i Bergen og er støtta av Fritt Ord.

### Samtalane våren 2016:

- 13/1. Astrofysiker (og ateist) Øystein Elgarøy: «Tro og vitenskap i konflikt?»
- 10/2. Journalist og forfatter Alf van der Hagen: «Religiøs forlegenhet og sjenanse»
- 9/3. Professor Frank Aarebrot: «Hva har troen betydd for norsk politikk?»
- 30/3. Stortingpolitiker Tina Bru: «Hvor politisk bør kirken være?»
- 20/4. Filosof Henrik Syse: «Tenke sjæl - og fortsatt tro?»

- 11/5. Artist Herborg Kråkevik: «Kyrkja og kulturen - Eit naturleg samspel?»

### «Luther øre».

Hausten 2016 vart denne serien avløyst av «Luther øre», ein opptakt til reformasjonsjubileet der ein gjest held eit føredrag og biskopen og publikum stiller spørsmål eller gjev respons etterpå.

- 21/9. «Kva gjorde Luther? Fekk han det til?» Ved. prof. Oddvar Johan Jensen
- 26/10. «Kvifor feire Luther?» Ved historikar Thomas Daltveit Slettebø
- 5/11. «Kven var Martin Luther?» Ved historikar og forfatter Heinz Schilling
- 30/11. «Øst for Eden - Hva var det å lage barn etter reformasjonen?» Ved forskar Eivor Andersen Oftestad

### Biskopen inviterte også til desse møta i samarbeid med andre:

- 13/4. «Kan et menneske forandre seg?» Ved forfatter og fengselsprest Kjell Nyhus
- 24/9. «Da jeg møtte Jesus». Med Charlotte Rørht. Arr. St. Jakob/ Tabulørdag, Bjørgvin kyrkjeakademi og Bjørgvin bispedøme

### Johan Nordahl Brun-prisen.

Den årlege mottakinga i Korskirken i Bergen med utdeling av Johan Nordahl Brun-prisen er òg ein arena i skjæringspunktet mellom kyrkja og samfunnet/kulturen. Biskopen gav i 2016 Helge Jordal tittelen «Kulturdiakon på gateplan» då den 70 år gamle skodespelaren fekk prisen. Prisivinnaren har blant anna samarbeida med Bakkegaten bo- og omsorgs-senter som blir drive av Frelsesarmeen,



Samtale med Herborg Kråkevik, temaet var «Kyrkja og kulturen - Eit naturleg samspel?»  
FOTO: BJØRGVIN BISPEDØMEKONTOR

Kirkens Bymisjon og Kalfarhuset oppfølgingssenter sitt kor «Bækkalokket».

### 3.3.4 Forbruk og rettferd

#### Resultatmål:

**Fleire kyrkjelydar vert grøne kyrkjelydar.**

#### Indikator 3:

**Tal på grøne kyrkjelydar.**

Det er fortsatt 24 grøne kyrkjelydar i Bjørgvin. Det har ikkje vore mogleg å prioritere dette arbeidet i 2016 ut over å følge opp grøne prostikontaktar. Det har vore redusert med eit årsverk i administrasjonen på dette området. Det har difor blitt lagt inn i den samla oppfølginga.

#### Klima og miljø.

«Ressursgruppa for miljø og rettferd» er slått saman med «grøne prostikontaktar». Det har vore eit godt grep å slå desse to gruppene saman både med tanke på nettverksbygging, kompetanseheving og arbeid lokalt.

#### Vurdering og risiko.

Dette er eit viktig område, og med omsyn til omdøme. Medvit og kompetanse er ei side av dette. Medvit som viser seg i praksis er ikkje avhengig av rådgjevarressurs åleine, det er like mykje eit spørsmål om leing. Det er middels risiko for at ein ikkje lever opp til måla i praksis, både i høve til praksis rundt reiser, innkjøp og drift av kyrkjene. Kontinuerleg forbedring er del av strategien vidare. Til dømes kan dei positive erfaringane ved bruk av videoutstyr og tilsvarende på bispedømenivå utvidast til bruk i samhandlinga med prostia og fellestråda.

### 3.3.5 Misjon

#### Resultatmål:

**Fleire kyrkjelydar er engasjerte for misjon.**

#### Indikator:

**Tal på kyrkjelydar med inngått misjonsavtale.**

7. april – 18. april arrangerte SMM Bjørgvin i samarbeid med Areopagos nasjonalt «Årets SMM-tur 2016» til

Hong Kong og Kina for å verte betre kjent med arbeidet til Areopagos i dette området. Det var deltakarar frå 7 kyrkje-lyder med på turen. Turen vart til inspirasjon og har i ettertid resultert i lokalt engasjement for Areopagos sitt arbeid.

Tal på kyrkjelydar i Bjørgvin bispedøme med misjonsavtale er 131, talet på kyrkjelydar utan misjonsavtale er 51. Mao har 61 % av kyrkjelydane misjonsavtale i ramma av SMM-samarbeidet. Det vert stadig arbeid med korleis vi kan auke delen kyrkjelydar med misjonsavtale.

#### «Kirkelig dialogsenter Bergen».

«Kirkelig dialogsenter Bergen» (KDB) er eit ressurs- og kompetansesenter for kyrkjelyder, organisasjonar, skular og andre som er interesserte i ein folkeleg forankra trus- og livssynsdialog i Bjørgvin bispedøme. Senterets oppgåver er å etablere konstruktive møteplassar for trus- og livssynsdialog, å vere eit ressurs- og kompetansesenter innan trus- og livssynsfeltet i Bergen, å bidra til auka kunnskap om, og respekt for, tru og livssyn, å bidra til dialog mellom det ny-andelagte miljøet og Den norske kyrkja og å skape rom for stille og kristen spiritualitet.

Senteret er lokalisert i Bergen. KDB vart etablert som prosjekt 18. september 2011 og gjort om til sjølvstendig foreining 17. november 2014 av Bjørgvin bispedøme og Areopagos. Dei støttar og senteret økonomisk saman med mellom anna bidrag frå Bergen kommune og Kulturdepartementet. Kirkelig Dialogsenter Bergen har tett samarbeid med dei kyrkjelege dialogsentra i Oslo og Stavanger.

I dag har senteret 5 tilsette i ulike stillingsstorleiker. Av aktivitetar Kirkelig dialogsenter Bergen driv kan nemnast mellom anna: dialoggrupper, kveldsmesse, kristen meditasjon, 8.mars-arrangement, bidrag på «Alternativmessa», nabolags-dialog, Bergensmodellen på asylmottak, dialog i skulen.

#### Vurdering.

Talet på kyrkjelydar med misjonsavtale i ramma av SMM-samarbeidet er ikkje aukande totalt sett. Nokre av kyrkjelydane har avtalar med andre misjonsorganisasjonar og andre kyrkjelydar har såkalla «private avtalar». Målet må vere at alle 182 kyrkjelyder i Bjørgvin får sin eigen SMM-avtale.

Målet med å etablere Bergen Kirkelige Dialogsenter er nådd. Vidare utvikling av dette viktige arbeidet vil bli følgt opp ut frå Kyrkjemøtet sine prioriteringar.

### 3.3.6 Kultur

#### Resultatmål:

**Auka kyrkjeleg kulturkompetanse.**

#### Indikator 2:

**Talet på tiltak eller deltakarar på kompetansehevande tiltak i bispedømet.**

I alt 600 deltakarar møtte til ulike samtlar og debattar i skjeringspunktet mellom kyrkje, kultur og samfunn («På troen løs» og «Luther Øre»). 14 fagfolk og lekfolk deltok på kurs om Bibelske salmar under Bergen Kirkeautunnale.

#### Pilegrim

Bjørgvin bispedøme si røynsle på pilegrimsfeltet vert vidareført i det nasjonale kyrkjelege pilegrimsutvalet der rådsleiar Inger Helene Nordeide er utsending.

Bjørgvin bispedømeråd gjorde 13. juni vedtak om å opprette Bjørgvin pilegrimsutval som skal arbeide for auka interesse for pilegrimsarbeid og vere ein møtestad og ei ressursgruppe for dei med interesse og engasjement for pilegrimsarbeid.

#### Reformasjonsbyen Bergen 2017

Bjørgvin bispedøme fekk i 2015 brev frå Kyrkerådet sin hovедkomité for Reformasjonsmarkeringa, der Den tyske evangeliske kyrkja, EKD, og reformasjonsorganisasjonen r2017.org, spurde om Bergen ville vere Noreg sin representant i eit nettverk av 68 byar i 19 europeiske land som skulle ta imot ei vandre-utstilling – European Roadmap. Saman med Bergen kommune, Bergen domkirke menighet og Bergen kirkelige fellestråd vart vertskapsplattformen Reformasjonsbyen Bergen skipa og arbeidet tok til.

I 2016 vart grunnlaget for Lutherfestdagane lagt: invitasjonar gjekk ut til representantar for kyrkje, kultur og samfunn; bordet vart dekkja med ein enkel kopp kaffi, mandlar, aprikos og mokkabøner, for sondering av SamSalmeSong, SamSpel, SalmeSykling, Symposier og Samtalar; - Alvor og skjemt hand i hand, fagleg fordjuping og folkeleg frodighet. Det skulle bli ein fest for folk flest, både dei med og utan kyrkjeleg tilknytning.

I TenkeTanken, styringsgruppa, arbeidsgruppa, råd og utval vart det pønska ut korleis ein kunne kombinera «utskipinga» frå Staten med ei bevisst-

gjerung av verdigrunnlaget for den norske lutherske folkekyrkja. Det var sett ned utval for barne- og familieprogrammet i Nykirken, Ungdomstilbodet i St. Jakob – Ung Katedral, fagkonferansar, offisielle markeringar, Salmefest, Preikekappleik, Jubileumsførestellingar m.m. Stat, fylke og kommune, ymse fond og bedriftar fekk tilbod om å vere med.

**Grunnlagsdokumentet vart slik (utdrag):** I 2017 skal Luther og reformasjonen markerast over heile verda. Bergen har status som Noregs reformasjonsby og inviterer til Lutherfestdagar 3. – 5. mars. 31. oktober 2017 er det 500 år sidan den tyske munken Martin Luther offentliggjorde sine berømte avlatsteser i Wittenberg, noko som skulle vise seg å forandre store deler av verda. Reformasjonsbyen Bergen er Noreg sin representant i eit nettverk av 68 europeiske byar.

#### Vi vil:

- Synleggjere spor av reformasjonen i samfunnet,
- Feire dei gode fruktene av reformasjonen
- Gje impulsar til debatt om våre samsfunnsverdiar

#### Kyrkjemusikk

Björgvin bispedøme samarbeida med Bergen kirkeautunnale og Griegakademiet, institutt for musikk, om kurset: Å leie, spele og syngje Bibelske salmar, 20. og 21. oktober. Kurset var finanisert av Kyrkjerådet, fann stad på Griegakademiet, institutt for musikk, UiB og vart leia av professor Stig Wernø Holter. Andre bidragsytarar var Kristin Joachimsen frå Menighetsfakultetet, Thrøstur Eriksson frå Noregs Musikkhøgskole og domkantorane Kjetil Almenning og Sigurd Melvær Øgaard. Blant dei 14 deltakarane var det både korsongarar, dirigentar, musikkarar og kantorar.

### 3.4 Rekruttering og ulønna medarbeidarskap

#### Resultatmål:

**Rekrutteringa til vigsla stillingar vert styrka.**

#### Indikator 1:

**Tal på vigslingar.**



Det blei i 2016 ordinert 3 prestar, mot 4 i 2015. Ei av dei til teneste i bispedømet, i Sogn prosti. Dei to andre blei ordinert til prestestillingar i andre bispedøme. Det blei også vigsla sju kantorar og ein diakon til teneste i bispedømet. Dette er særers gledeleg.

#### Resultatmål 2:

**Fleire vert engasjerte i frivillig teneste i kyrkja.**

#### Indikator 2:

**Tal på frivillige.**

2013	2014	2015*	2016**
11 083	11 048	12 324	12 993

\* Oppdaterte tal frå SSB. \*\* Førebels tal frå SSB

Resultatmålet er nådd, det er gledeleg at auke i talet på frivillige medarbeidarar frå 2015 held fram i 2016 etter ein liten nedgang i 2014. Det kan truleg skuldast at alle prosti no er innfasa i trusopplæringa, og difor har auka fokus på systematisk arbeid med ulønna medarbeidarar/frivillige. Auken kjem på barne- og ungdomsarbeid og i deltakarar på kurs for frivillige og auken er så stor at den veg opp for ein nedgang i frivillige deltakarar på diakoni, komitearbeid, dugnad og frivilligfest. Det gjev i alle fall eit godt utgangspunkt for å arbeide vidare med dette. Det kan i tider med utfordringar i den kyrkjelege økonomien vere ein risiko for at ein fokuserer på dei frivillige ut frå eit instrumentelt perspektiv.

Noko av det som skil nokre kyrkjelydar

frå andre er ei langsiktige strategi for å byggje kultur for frivillig deltaking. Dei let ulike talent få rom og har gode rammer rundt frivillige, både med omsyn til rekruttering og i barne- og ungdomsarbeid, diakoni og gudstenestedeltaking.

Risikoen for å ikkje nå mål på ulike område ved å ikkje ha langsiktig strategi på dette området vil vi meine er høg. Difor vil vi i eit langsiktig perspektiv løfte dette arbeidet høgt. Då både mot tilsette, men like mykje mot sokneråda.

### 3.5 Samarbeid i kyrkja

#### 3.5.1 Bispedømerådet sin administrasjon

#### Resultatmål:

Bispedømerådet skal ha ei forvaltning som er funksjonell, kostnadseffektiv og brukarorientert

#### Indikator 1:

**Budsjett og rekneskap er i balanse**

2016 vart eit år der vi starta med å vere i balanse frå 2015. Det kom difor som eit sjokk når vi i mars måtte melde prognose på nær 7,5 millionar i mogleg underskot for 2016. Dette kom mellom anna av at vi då hadde kjørt tilleggsløna for dei nye arbeidstidsavtalane for første periode. I totalbildet, når vi ser på dei to arbeidsområda presteskapet og kyrkjeleg administrasjon kvar for seg, har vi dei siste åra hatt eit mindreforbruk på kyr-

kjeleg administrasjon og eit aukande meirforbruk på presteskapet. Når vi enda på eit meirforbruk på «berre» 1,75 millionar skuldast det stram vakansestyring.

Vi varsla moglege oppseiingar av nokre stillingskategoriar i mars 2016. Dette fekk vi ikkje lov til av departementet. Dette ville gitt oss raskare styring på kva stillingar og aktivitet ein måtte redusera. Ingen ville blitt utan jobb, men det ville vore ein krevjande prosess. Vakansestyring slik vi no gjer, vil vi likevel meine er vel så krevjande. Det råkar tilfeldig. Og skapar uro i lang tid i heile organisasjonen. Dei underliggande drivarane er der fortsatt, på nokre område har vi fått tid til å ta styring. Eksempelvis er tilleggslønn for første periode i 2017 om lag 400.000 mindre enn i 2017. Vi køyrer svært stramt på vakansestyring. I tillegg har vi gjort nokre inntektstiltak, mellom anna sel vi presteneste til sjukeheimar i Bergen kommune tilsvarende eit årsverk. Alle prosti har fått krav om å redusere med ei stilling. Ingen vedtak er endå gjort på kva stillingar som må redusere. Det er likevel redusert på ei stilling som fengselsprest og fleire stillingar som prostiprest.

### Indikator 2:

#### Det er gjennomført brukarundersøking.

Brukarundersøking knytt til bispedøme-kontoret si forvaltning og kommunikasjon vart gjennomført i november 2014 blant prestane og kyrkjevevjer/administrasjonsleiarar. På bakgrunn av kapasitet og ei tid med mykje endringar, har vi ikkje gjennomført nye brukarundersøkingar blant desse gruppene etter dette. Ny undersøking er planlagt i 2017. Det blir derimot gjennomført ei undersøking om arbeidsmiljøet blant prestane kvart år. Desutan har vi hatt fleire korte undersøkingar blant publikum på biskopen sine arrangement i Litteraturhuset («På troen løs» og «Luther øre»). Dei viste blant anna at ein stor del, på ei av samlingane 30 prosent av tilhøyrarane, var menneske som oppgav at dei ikkje har noko aktivt forhold til nokon kyrkjelyd, verken innanfor Den norske kyrkja eller andre trussamfunn.

### 3.5.2 Samarbeid lokalt

#### Resultatmål:

**Meir samarbeid på tvers av sokne- og kommunegrensar.**

Det har i 2016 ikkje vore endringar i formelle samarbeidsrelasjonar, men det vart gjort vedtak om å oppretta eit nytt Bergsdalen prosti som skal avlasta Bergen domprosti og Fana prosti. Det nye prostiet vil omfatta sokna Sælen, Fyllingsdalen, Bønes, Storetveit, Slettebakken, Landås, Årstad, Fridalen og Løvtakksiden. Dato for når det nye prostiet skal vera i funksjon, er ikkje endeleg bestemt, men det vil etter planen skje i 2017.

### 3.5.3 IKT

#### Resultatmål:

**IKT – Ta i bruk og utnytte elektroniske løysingar:**

På IKT-området vart 2016 for administrasjonen prega av dei store endringane som låg framfor i møte med skilje stat – kyrkje frå 01.01.17. Bjørgvin bispedøme bidrog med ressurs inn i nasjonal prosjektgruppe for val av nytt system for løn, personal og rekneskap (LPR). Etter at kontrakt vart inngått om nye system, var fokus på opplæring både å planlegga intern opplæring og oppdatera fagbrukarane. Særleg hausten var prega av den doble utfordringa av å avslutta eksisterande system og innføring av nye. Det er først og fremst personale som arbeider med rekneskap, løn og økonomi som vart involvert i 2016, men også dei andre tilsette var involvert i avslutninga av system for reiserekningar og arkivering. Avtalen om arbeidstid for prestane utløyse for administrasjonen mykje arbeid grunna manglande og etter kvart nye system for registrering av variable tillegg.

Det er knytt låg risiko til at Bjørgvin bispedømeråd ikkje tek i bruk nye system. Vi har medarbeidarar med høg kompetanse som tek i bruk nye system. Det vil få store konsekvensar om nye system ikkje vert teke i bruk og nytten henta ut. Det er middels, til dels høg risiko for at ikkje heile organisasjonen tek nye system i bruk. Dette uroar oss, og vil påverke oss negativt. Særleg ved at ressursar blir nytta feil, samhandling ikkje blir optimal og nytten av eigen innsats på IKT området vert redusert.

### 3.5.4 Demokratiutvikling

Det er etablert eit årleg møtepunkt mellom bispedømerådet og ungdomsrådet, med mål om to årlege møtepunkt. Det har elles ikkje vore særleg fokus på demokratiarbeidet i eit år utan kyrkjeval.

## 3.6 Andre område i kyrkjeleg sektor

### 3.6.1 Fengselsprestenesta

Innsette i alle dei tre fengsla i bispedømet har tilbod om teneste frå prest. I Bergen Fengsel er det to 100% stillingar og Vik fengsel har ein 50% stilling. Fram til sommar 2016 hadde Bjørgvin fengsel ein 80% stilling. Av økonomiske grunnar vart stillinga då inndratt og presten overført til anna stilling i prostiet. Frå august 2016 har prestane i Bergen Fengsel dekkja om lag 30% stilling i Bjørgvin.

Innsette i alle fengsla får tilbod om gudsteneste annankvar veke. I Bergen fengsel, der det er avdelingsvise gudstenester, vart det gjennomført 112 gudstenester i 2016 (ein liten reduksjon frå 2015 pga. deling av presteneste med Bjørgvin Fengsel). Dei fleste gudstenestene har nattverd. Oppmøtet har halde seg stabilt godt over mange år. Kvart år blir det og gjennomført ei veker pilgrimstur/opplegg på garden Fokstugu på Dovrefjell.

Det er og eit nært samarbeid med ei diakonigruppe i Åsane menighet som arrangerer samlingar for innsette fast kvar månad. Samarbeidet med frivillige organisasjonar som Frelsesarmeen og andre kyrkjesamfunn er godt. Den katolske kyrkja i Bergen har månadsvis messer i Bergen Fengsel. Prestekontoret er og samarbeidspartnar og tilretteleggar for visitortenenesta som er eit tilbod frå Røde Kors om besøk på cella. Det blir og ytt hjelp til innsette med annan religiøs tilknytting, t.d. skaffar prestane Koranen frå lokal moské til utdeling.

Dei innsette nyttar presten svært mykje til samtalar, og prestenesta er sett stor pris på av både innsette og tilsette.

### 3.6.2 Samisk kyrkjeliv

Ingen kyrkjelydar har regelmessig samiske innslag, men tre kyrkjer har hatt gudstenester med samiske innslag. Det var i 2016 to samiske gudstenester på ettermiddagstid. På samisk nasjonaldag 6. februar var det gudsteneste med biskop emeritus Per Oskar Kjøllås i Skrudhuskapellet i Bergen domkirke, og 4. søndag i advent var det gudsteneste i Nykirken i Bergen med prest for nord-samer Karl Yngve Bergkåsa som samla 40 deltakarar.

# IV: Styring og kontroll i verksemda

## 4.1 Verksemda si risiko-styring i 2016

### *Bispedømerådet si overordna vurdering*

Bjergvin bispedømeråd nyttar mål- og resultatstyring som sitt grunnleggande styringsprinsipp. Det er samstundes tilpassa det nivå og omfang som leiinga av verksemda har vurdert som tenleg. Tildelingsbrevet og årsplan dannar grunnlaget for prioriteringar i arbeidet.

Tildelingsbrevet peiker særleg på: « En landsdekkende folkekirke og et tydelig skille mellom stat og kirke » som prioriterte område. I Bjergvin har vi fulgt opp vårt arbeid ut frå dette.

Bispedømerådet viser til at samla måloppnåing er god, jfr del III. Prestetenesta og kyrkjeleg administrasjon nyttar tildelinga godt. Det vert samstundes arbeidd med kontinuerleg forbetnings- og utviklingstiltak, innan det relativt vesle handlingsrommet kontantprinsippet og ein tung forvaltningskultur tillet.

Bispedømerådet har over fleire år arbeidd for å betre styringsinformasjonen og systema for heilskapleg styring etter blant anna DFØ sine metodar. Den overordna risikovurderinga er at det har vore god styring. Det har vore høgt fokus på jamleg rapportering, særleg på det største elementet i tildelinga, løn til presteskapat. Jamleg rapportering på løn og reisekostnader inn i prostemøta er eit viktig element i dette. Likeeins internt i organisasjonen og til bispedømerådet. Størst risiko i 2016 var knytt til endra styringsinformasjon undervegs. Bjergvin bispedøme varsla moglege oppseiingar i mars 2016, som følgje av at ein såg resultatet av arbeidstidsavtalen med meir, og la prognose på eit meirforbruk på rundt 7,5 millionar. Fleire avtalar som vart forhandla sentralt gav eit meir usikkert bilde å styre etter enn ønskjeleg. Resultat med rundt 1,7 millionar meirforbruk vil vi difor meine bør vere godkjent, om ikkje ønskjeleg. I dette vil vi og meine at departementet tok frå oss moglege handlingsrom i prosessen, slik at vi ikkje har hatt rom for å kome betre ut enn vi gjorde.

Risiko er også vurdert på måloppnåing for dei ulike områda i årsplanen. Vi har

øg sett i gang ei eiga vurdering av risiko i høve til verksemdsoverdraginga med særleg fokus på at vi har høgt aldersnitt på presteskapat.

### *Risiko for misleghald har vore vurdert på tre område*

#### **Internkontroll:**

Bjergvin bispedømeråd har vurdert eigen internkontroll som tilstrekkeleg og god. Det har samstundes vorte gjevne merknad frå Riksrevisjonen på at nokre av rutinane ikkje er godt nok dokumenterte. Dette har ein tatt tak i. I ei lita verksemd som vår er det nok meir kultur for å avklare og gjere, enn for å dokumentere skriftleg at ein har gjort det rutinen seier. Dette har vi vurdert som tilstrekkeleg, men tiltak er sett i verk for å forbetra dette i samsvar med dei merknadene som er gjevne. Det må samstundes vurderast opp mot kva som er vesentleg. Rapportering må vere på eit fornuftig nivå. Det må ikkje ta for mykje ressursar bort frå hovudformålet med tilskotsmidlar og tildelinga. Vår vurdering er at transparens og tillit er hovudelementa i vår internkontroll. Kost og nytte av ulike kontrollsystem må vurderast alvorleg, slik at ikkje tillit i organisasjonen blir redusert. Vi vurderer det slik vi har ein kultur med låg terskel for å ta opp avvik. Dette er vesentleg. Det er mellom anna lagt ekstra kontrollrutinar på leiarane sine eigne godtgjersler og reiserekningar. Stikkprøver vert gjort på reiser, på tilskot og så bortetter. Det er likevel strukturen, og arbeidsflyten med to godkjenningar som er hovudelementa i kontrollsystema.

#### **Tilskotsforvaltning:**

I forhold til risiko for misleghald rundt tilskot har dette vore vurdert som ein mogleg risiko, men liten. Størst risiko er det på leveranse, det vil seie om det blir levert tilfredstillande diakoni eller undervisning i samsvar med tilskotet. Våre kontrollsystem er difor mest bygt opp rundt det å vere tett på drift. Vi sjekkar avvik i tydinga ledige/vakante stillingar, og det er den mest vesentlege faktoren i forvaltninga av tilskotet. Rekneskapstala kan underslå dette. Tilskotet kan vere nytta og rekneskapsført på formålet, utan



Reduserte løyvingar får store konsekvensar. Her drøftar eit utval og prestane sine fagforeiningar nedskjerjingar.

at det har vore utøvd til dømes trusopp-læring. Til dømes er ein av diskusjonane vi har hatt med nokre fellesråd knytta til presentsats for administrasjon eller avsetting til tilrettelegging. I dette er det i dag, slik vi vurderer det, for uklare føringar frå Kyrkerådet. Det er i dette stor forskjell på størrelsen på fellesråda, med tanke på å kunne halde attende 5 prosent av unytta midlar. Igjen vil det kritiske blikket vårt vere om det er levert tilfredstillande trusopp-læring i den einskilde eininga. Rekneskapat til fellesrådet gjev berre ein del av dette bildet. Kriteria til Kyrkerådet vil vi innskjerpe at vi følger, men vi vil samstundes meine at våre system har vore både enklare og meir presise på å sikre at midlane vert nytta rett. Difor vil vi oppretthalde dei, i tillegg til å følgje merknaden i revisjonen frå 2015.

#### **Presteskapat:**

I siste del av 2015, med verknad frå 1.1. 2016 fekk prestane ny avtale om arbeidstid. Dette medfører ein kulturendring. Frå å vere i særskilt fri stilling til å ha arbeidstid med tillegg for ulike ukvæme tidspunkt. Dette krev eit kontroll-blikk fordi det ligg i intensjonen i avtalen at ein skal ha meir regulerte rammer med betre skilje mellom arbeid og fritid. Det må heller ikkje redusere prestane sin motivasjon for innsats. Regulerte arbeidsplanar må ikkje styre prestane bort frå dei sentrale elementa i prestetenesta.

Det har vore liten endring i staben ved bispedømekontoret i 2016. Men ein har redusert med periodevis med mellom 1



med representantar for bispedømeadministrasjonen, prostane  
FOTO: BJØRGVIN BISPEDØMEKONTOR

og 2,1 årsverk i ein svært travel periode. Vi hadde inne vikar i arkivarstillinga fram til september, vikaren var jurist og er no inne i ei prosjektstilling på personalavdelinga. Denne er finansiert med eksterne midlar, så i praksis er det ein reduksjon av ei stilling, men talet på tilsette er det same. Det er også redusert med stillinga på Integrering, men i statistikken ligg den på presteskapat. Det har vore ei stilling i deltid, ut frå eige ønske, denne vart auka til 100 prosent i samband med innspurten mot Lutherfestdagane frå desember.

Rekruttering av personar med nedsett funksjonsevne er særskilt nemnt i HMT-handlingsplanen. Det har ikkje blitt rekruttert arbeidstakarar med annan etnisitet i 2016.

Når det gjeld områda religion og seksuell orientering har vi ein tilsettingspolitikk som er innanfor det regelverket som gjeld for trdomssamfunn.

Når det gjeld rapportering på løn, viser viser vi til tabell 16. Totalen på kvinner ligg 79,9 % under gjennomsnittet. Dette kan forklarast med at både biskop og stiftsdirektør er menn, og at det er tilsett yngre kvinner etter kvinne i seniorstilling. Dette forklarar at det er ein nedgang på kvinners løn i prosent av menn. Prestane si lønsutvikling opp mot administrativt tilsette er og del av dette bildet. Dette har gitt auka lønsvekst på nokre stillingar der det i dag er menn. Vår vurdering er at vi må følgje kritisk med på denne utviklinga, særleg på samanliknbare stillingar.

## 4.2 Likestilling

**Bjørgvin har som mål å «Motivere og leggje til rette for at fleire kvinner søker teneste som prestar i kyrkjelydane og leiarstillingar i kyrkja».**

Tabell 13: Likestillingsrapportering – Presteskapat. Tal pr. 31.12.2016

	Kjønnsbalanse			Løn	Deltid		Midlertidig		Foreldrepermisjon		Legemeldt frávær	
	M%	K%	Stillingar	Kvinner i %	M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%
Totalt	76	24	164,5	95,3	100	-	50	50	56,9	43,1	67,6	32,4
Prostar	90	10	10		-	-	-	-	-	-	-	-
Sokneprest	83,5	18	101,5	98,7	100	-	100		46,3		-	-
Kapellan	11,45	6	17,45	98,3	100	-			29,3	100	-	-
Andre	69,9	30,4	32,9	104,2	100	-		100	24,4	-	-	-

Når det gjeld rapportering på løn, viser skjema kvinners gjennomsnittsløn i prosent av menns. Totalen på kvinner ligg 4,7% under gjennomsnittet. Dette kan forklarast med at alle dei 10 prostane i bispedøme i 2016 har vore menn. Elles er vi nøgd med at prestar i alle kategoriar no ligg likt. Uliskskapen som ligg att skuldast i all hovudsak ulik aldersfordeling. I skjema er det fleire rubrikkar på 100 prosent under deltid og midlertidig. Det høge talet kjem av at det er mindre enn to – tre tilsette innanfor desse kategoriane.

Tabell 14: Kvinner i faste prestestillingar 2016

Faste prestestill. *	Årsverk	Kvinner	Kvinneandel %	Endring frå 2015
Bjørgvin	154,5			

\* Prostar ikkje medrekna, sjå eige avsnitt

Statistikken viser at i faste prestestillingar i Bjørgvin bispedøme er kvinneandelen 22%. Dette er lågt samanlikna med andre bispedøme, der landsgjennomsnittet er om lag 30%. I prosti med låg kvinneandel vert kvinner oppmoda om å søkje, og ein arbeider med å leggje arbeidstilhøva betre til rette for kvinner.

Tabell 15: Kvinnedel – søknadar og tilsettingar 2016

Tal søknadar	Frå kvinner	Prosent kvinner av desse	Tilsettingar	Kvinner av desse	Prosent kvinner av desse
19	5	26,19 %	5	3	60 %

I tilsettingane i 2016 var 60 prosent av dei tilsette kvinner. To av dei tilsette kvinnene kom frå andre stillingar i Bjørgvin bispedøme, og auka difor ikkje talet på kvinner i bispedømet. Administrasjonen vil arbeide vidare med å sikre ei raskare auke i talet på kvinner i prestestillingar saman med fagforeningane.

**Prostar:** I 2016 tilsette vi ny prost i Fana prosti. Det er særleg gledeleg at dette vart ei kvinne. Dermed ligg andelen av kvinner i leiarstillingar i presteskapat på 10 prosent for 2016. Innan dei neste fire åra har 5 av 10 prostar oppnådd aldersgrense for pensjon. Bispedøme vil arbeide målretta vidare med å rekruttere kvinner til desse stillingane.

Tabell 16: Likestillingsrapportering - Bispedømekontoret

2015	Kjønnsbalanse			Løn*	Deltid		Midlertidig		Foreldrepermisjon		Legemeldt frávær	
	M%	K%	Totalt	Kvinner i %	M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%
Totalt	50	50	18	82,8	-	5	-	11				
Leiarar	75	25	4	78,2	-	-	-	-				
Rådgjevarar	50	50	12	99,3	-	-	-	-				
Kontorstillingar	0	100	2	100	-	50	-	100				

2016	Kjønnsbalanse			Løn*	Deltid		Midlertidig		Foreldrepermisjon		Legemeldt frávær	
	M%	K%	Totalt	Kvinner i %	M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%
Totalt	50	50	18	79,9	-	-	-	11				
Leiarar	75	25	4	77,4	-	-	-	-				
Rådgjevarar	50	50	12	90,2	-	-	-	8,3				
Kontorstillingar		100	2	100	-	-	-	100				

\* Kvinner si gjennomsnittslønn i prosent av menn si løn.

### 4.3. HMT/Arbeidsmiljø

**Hovudmål : Løyvingane til prestenesta har som mål at alle kyrkje-lydar i Den norske kyrkja skal ha fast geistleg betening, slik at tenesta er nærverande i alle lokalsamfunn. Alle sokn skal vera betent av ein eller fleire prestar.**

#### 4.3.1 Geistleg personale

##### *Indikator 1:*

**Kyrkjemedlemer pr. fast prestestilling.**

Sjå figur 6.

##### *Indikator 2:*

**Talet på prestar.**

Vi har i 2016 165 tilsette fordelt på 163 årsverk.

##### *Indikator 3:*

**Talet på nytilsette prestar, ekskl. overgang frå annan prestestilling.**

Vi har i 2016 tilsett tre kvinner og to menn. Av desse var det ingen som kom direkte frå utdanning.

##### *Indikator 4:*

**Vakansar i faste prestestillingar.**

Vi har i 2016 hatt seks utlysingar, der to er stillingar som er lyste ut fleire gonger. Ved årsskiftet er det fem stillingar ein ikkje har prest i.

##### *Indikator 5:*

**Talet på prestar som har slutta før fylte 67 år, eksklusiv overgang til annan prestestilling.**

Ein prest har slutta før fylte 67 år. Samstundes har tre prestar bytta til anna statleg prestestilling internt i bispedømet. Sju prestar har slutta grunna oppnådd alderspensjon i 2016.

##### **Vurdering av resultat**

Det er ein skjult risiko i tala over. Det er fleire ledige stillingar enn fem, men vi har klart å styre dette med å bruke fast tilsette seniorprestar i ledige stillingar, med tidshorisont på eit år om gangen. Dette er likevel tal som er litt krevjande å vere heilt

presis på. Det kan til dømes vere permisjon i delar av ei stilling, og då to personar inne, eller at nokon har redusert stilling med meir, at nokon er fast tilsett, men midlertidig vikar i vakant stilling. Vi har også stillingar som vert haldne vakante for ein periode, stillingar som vert haldne vakante, truleg permanent, og stillingar der vi søker etter prest, men ikkje får søkarar. Det er difor krevjande å sjå heile biletet. Departementet sine tal frå DFØ/SAP har vi ikkje brukt, fordi dei ikkje gjev rett bilde, og då risikerer vi at det skjuler den reelle situasjonen.

Som ein kan sjå av framstillinga over, er det til dels store skilnader på antal medlemer pr prest. Noko av ulikskapen skuldast til dels store utfordringar med lange avstandar, noko ein ser særskilt i Sogn og Fjordane og Hardanger. Ein ser likevel at presset på prestane spesielt i prostia Vesthordland og Fana er stort med omsyn til medlemstal per prest. Situasjonen i 2016 har gjort biletet meir uoversiktleg på dette området, fordi vi er inne i vurdering på å redusere stillingar. Difor vil vi ikkje legge mykje arbeid i desse samanstillingane. Vi vil arbeidar vidare for å få betre oversikt over situasjonen i 2017.

Det er gledeleg at det blei tilsett fleire kvinner, men det er framleis viktig å ha fokus på å auke kvinneandelen. Det er også kritisk at vi ikkje har kunna tilsetje fleire eksterne søkjarar. Dette har årsak i den vanskelege økonomiske situasjonen. Det vil seie at vi har måtte flytte på prestar og prioritere å tilsette interne søkjarar framfor eksterne søkjarar.

#### 4.3.2 Arbeidsvilkår

##### **Resultatmål:**

**Sikra gode arbeidsvilkår for prestane.**

**Gjennomsnitt sjukefråver.**

Samla sjukefråver ligg på 5,35 prosent. Dette er en liten auke frå 2015. Eit sjukefråver på ca 5 prosent må likevel kunne seiast å vera tilfredsstillande. Største parten av fråveret skuldast langtidssjukemelde.

**Trivselsscore i arbeidsmiljøundersøkinga.**

Vi har låg score på spørsmåla om arbeidsrelaterte helseplager, og om opplevd mobbing/trakassering på arbeidsplassen. Det er gledeleg at vi finn generelt høg score på godt samarbeid med kollegaer, og at per-

sonalomsorga frå prosten er god. Det som får dårlegast score er datasystem, både tilgjengeleg utstyr og opplæring. Dette vil vi jobbe vidare med i samarbeid med fellesråda.

#### 4.3.3 Prestebustadar

Frå 1.september 2015 vart buplikta for prestar avvikla. Dei prestane som bur i tenestebustad med buplikt har no ikkje plikt til å bu i bustaden, men rett til å bu der så lenge ein er i noverande stilling. Det vil difor vere stor merksemd kring bustadar også i åra som kjem.

Administrasjonen opplever å ha god kontakt med Opplysningsvesenets fond (OVF) og med kommunane om bustadane. Gjennom systematisk arbeid sidan 2010 har vi no betre kunnskap for å prioritere vedlikehald for dei ulike prestebustadane.

Etat for boligforvaltning i Bergen (EFB) eig 38 prestebustadar. Av desse er no 15 gitt attende til kommunen, medan 3 bustadar er kjøpt av presten som bur der. Av bustadane ein sit att med, er det fleire som har trong for vedlikehald. Men mange av bustadane våre begynner og å bli gode og få ein god standard. Vi er samde med EFB om først og fremst å rehabilitere dei bustadane vi har, framfor å kjøpe nye.

Opplysningsvesenets Fond (OVF) eig 55 bustadar i Bjørgvin. Mange av desse er store og tunge å halde ved like. Det er i år brukt mykje pengar på oppgraderingar, og prestane si HMT-undersøking viser at bustadane har blitt noko betre. Grunnleggjande byggtkniske utbetringar vert framleis prioriterte, t.d. fuktige kjellarar, utette tak og manglande isolasjon. I tillegg vert mykje røyv og elektrisk skifta ut.

Rådgevaren på bispedømekontoret har i 2016 vore på 24 synfaringar. I nokre bustadar har det vore synfaring fleire gonger. Vi vil halde fram med synfaringane i 2017.

Synfaringar i høve presteskifte og akutte skadar vil halde fram som tidlegare, i tillegg til at ein ynskjer å følgja ein meir strukturert plan for å sjå alle bustadane jamleg og med tanke på å få ny prestegardsinspektør i OVF godt inn i arbeidet.


Nokre stader har prestane allereie fått kjøpe bustaden dei bur i, medan andre er i dialog med huseigar, det vere seg kommunane eller OVF om kjøp.

Det vert òg spanande å sjå kva endringa i bustadordninga vil gjere med prestenesta og rekruttering til prestenesta i tida som kjem.



Figur 6: Kyrkjemedlemer pr. fast prestestilling

**Medlemstal og prestestillingar, fellesråd og prosti pr. 1. januar 2016.** Framstillinga syner tala for 2015. I 2016 har medlemstalet vore relativt stabilt, medan talet på prestar har gått noko ned. Dette skuldast nedbemanning og omfordeling av stillingsressursar i bispedømet.



GRAFIKK: DRAGEFELLE.TNO

#### 4.3.4 Lokale tilhøve og utfordringar

Med unntak av fire prosti, er det prestar med eit spesialisert ansvarsområde i dei resterande seks prostia. Tilt saman 11,9 årsverk. Av desse er det 2 studentprestar, 7,5 med spesialfelt born og ungdom,

saamt 2,4 stillingar som fengselsprestar. Bispedømet har eit samarbeid med Kirkeleg dialogsentral i Bergen (Areopagos), om ei stilling som dialogprest. I tillegg har vi eit samarbeid med Bergen Internasjonale Menighet (BIM) om Internasjonal prest i Løvstakksiden sokn.

#### 4.3.5 Kompetanseutvikling

##### Resultatmål:

**Prestane skal stimulerast til å utvikle kunnskapar, dugleikar, haldningar og motivasjon til tenesta.**

I 2015-16 fekk alle prestane i bispedømet tilbod om vidareutdanning via etter- og vidareutdannings (EVU)-midlar. Prestane var meldt på studiet «MPT-305 Reformatorisk teologi i en kirkelig reformalder» ved Misjonshøgskulen. Undervisninga vart organisert som sju heile dagar med fem undervisningstimar med ein forelesar frå Misjonshøgskulen. Det var eigne dagar for Hordaland og Sogn og Fjordane, i 2015 var det tre i Hordaland og fire i Sogn og Fjordane, i 2016 tre i Hordaland og to i Sogn og Fjordane pluss den siste som var felles og var lagt til ein tredagars studietur til Wittenberg for alle prestane.

Det var obligatorisk oppmøte på undervisningsdagane. 158 prestar var meldt på og har i 2016 hatt minst 20 timar undervisning / vidareutdanning, 15 for prestar i Sogn og Fjordane. Av desse meldte 55 seg til å ta studiepoeng. Det vart noko fråfall undervegs og resultatet var at 44 prestar leverte avsluttande essay. Av desse valde 12 å skriva ei lengre oppgåve og få 20 studiepoeng og resten tok 10 studiepoeng. Til saman vart det produsert 570 studiepoeng.

Alle prestane som ikkje leverte essay måtte levera eit kort refleksjonsnotat der dei reflekterte over studiet og korleis dei ville bruka kunnskapen i lokale reformasjonsmarkeringar. I tillegg til dei bispedømeinitierte samlingane hadde mange prosti konvent med studier i tilknytning til fellesstudiet. Både studiet og studieturen er evaluert som svært nyttig og inspirerande både av prestane og prostane. To prestar har starta PKU (Pastoralklinisk utdanning) 11 samanhengande veker, 20 studiepoeng studie over hausten 2016.

### 4.3.6 Retreatarbeid

- Bjørgvin bispedøme har i 2016 halde fram samarbeidet med Bergen diakonissehjem om Retreat Bergen.
- Omlag ein kveld i månaden er det kveldsretreat i Søsterhjemmet sine lokal på Haraldsplass. 10 – 20 deltakarar har deltatt kvar kveld.
- I fastetida 2016 vart det arrangert fasteretreat, og i adventstida adventsretreat.
- Fleire prestar har i 2016 søkt og fått tilskot til å reise på retreat på ulike retreatstadar både i inn og utland.
- 9. - 12. juni var Bjørgvin bispedøme medarrangør på Keltisk retreat på Holmely i Nordfjord.
- Bispedømet har og i 2016 gitt tilbod

om åndeleg rettleiing. Fleire medarbeidarar i bispedømet er utdanna åndelege rettleiarar, og det vert lagt til rette for at dei som ynskjer åndeleg rettleiing kan få tilbod om det hjå ein av dei. Det er fleire som har nytta seg av tilbodet. Dei åndelege rettleiarane vert og fylgd opp ved at dei har tilbod om sjølve å gå åndeleg rettleiing og å få rettleiing på arbeidet dei gjer.

- 23. mai arrangerte Bjørgvin bispedøme i samarbeid med Retreat Bergen og NLA ein open fagdag for åndeleg rettleiing på NLA Høgskolen med vel 30 deltakarar frå heile landet. Tema for dagen var: «Hva når uretten rammer deg selv?» Hovudforedraget vart halde av Øyvind M. Eide, dr. theol, forfattar, rettleiar og tidlegare rektor for praktiske teologiske seminar ved Misjonshøgskolen i Stavanger.

### 4.3.7 Arbeidsrettleiing (ABV)

Det har vore ei gledeleg utvikling i talet på ABV- grupper og deltakarar i Bjørgvin i 2016. Totalt har det vore 13 ABV-grupper med til saman 71 deltakarar. 64 av deltakarane har vore prestar og 7 diakonar.

- Seks av gruppene har vore tverrfaglege grupper.
- To av gruppene har vore seniorgrupper.
- To av gruppene har vore prostegrupper kor alle prostane har hatt regelmessig kollegarettleiing.
- To av gruppene har vore ABV-grupper for rettleiarane.
- Ei gruppe har vore rettleiingsgruppe for fengselsprestane.
- I tillegg til grupperettleiing har fleire prestar hatt individuell rettleiing over kortare eller lengre tid.

Vi har i 2016 halde fram ordninga med mentor. Den er i hovudsak for dei som er nye i tenesta. Då har ein ei tid jamlege samtalar med ein røynd kollega om spørsmål og utfordringar ein møter i tenesta. Ordningar med mentor kjem i tillegg til arbeidsrettleiing, og er tenkt som eit tilbod ein får før ein blir deltakar i ei ABV-gruppe.

- Hausten 2016 starta fire medarbeidarar frå Bjørgvin, tre prestar og ein diakon på AVU – arbeidsrettleiarutdanning. Utdanninga går over tre år, og

dei vil vera ferdig utdanna vegleiarar våren 2019.

- 27.oktober 2016 var ABV-rettleiarane samla til fagdag. Tema på dagen var: «ABV – ein kultur for kyrkja si framtid».

Alle ABV-gruppene i Bjørgvin er opne og kontinuerlige. Det betyr at gruppene består, medan deltakarane i gruppene over tid vil skifte. Ein bind seg til å vere med for eitt år om gangen og vel sjølv kor mange år ein vil vere med.

### 4.3.8 Leiing og samvirke

#### Hovudmål:

**Bispedømerådet skal stimulere til auka samarbeid mellom kyrkjelydane og mellom dei ulike forvaltningsnivåa i kyrkja.**

#### Styringsparameter:

**Funksjonell organisering, kostnadseffektiv forvaltning og brukarorienterte tenester.**

Det vart gjennomført årleg leiarkonferanse med Kyrkjeverjelaget. I tillegg hadde bispedømet si leiing jamlege møtepunkt med Kyrkjeverjelaget. Med leiargruppa i Bergen kyrkjelege fellesråd er det i tillegg eigne halvårlege møtepunkt. Dette for å sikre best mogleg samordning.

Departementet og stiftsdirektørane oppretta i 2014 eit personalutval. Målet var å få på plass mest mogleg eins praksis og betre ressursbruken mellom bispedøma. Ut frå erfaringane derifrå valde stiftsdirektør å forsøke å sjå på tilsvarende gevinstar i samspelet med fellesråda.

Dette kom skeivt ut, av ulike årsaker, mellom anna forventning frå fellesråda om at dei skulle vore involvert frå starten. Det å forankre dette mot 59 fellesråd, er tidkrevjande. Målet må vere å bygge tillit, der vi etter kvart kan sjå på ulike område der ein saman kan forenkle, bruke felles ressursar med meir. Dette vart positivt motteke i dei fleste prostia. Difor vil vi legge inn eit årleg møtepunkt på prostinivå med fellesråda i tillegg til leiarkonferansen. Dette er arbeidskrevjande, men vi håper det betrar samhandlinga, og gjennom det håper vi å få ein framtidig effektiviseringsgevinst.

På område som rekruttering, kompetanseutvikling og praktisering av ulike rutinar vil ein måtte jobbe tett. Det er



Ein av mellomalderskulpturane frå Gjerstad kyrkje (sjå framsida) under restaurering på Norsk institutt for kulturminneforskning.

FOTO: NIKU

samstundes slik at bispedømet oftast er den som kan ta risiko og har kapasitet til utviklingsarbeid på fleire av desse områda. Det må i risikovurderingane og ligge inne ei vurdering på kva konsekvensar det får om bispedømet av ulike årsaker ikkje maktar å fylle denne rolla. I dette ligg det eit gjensidig ansvar for alle nivå, å gjere kvarandre best mogleg.

#### 4.3.9 Medverknad (medbestemmelse etter arbeidsmiljøloven)

##### Delen av prestar som har hatt medarbeidarsamtale.

Prostane har medarbeidarsamtalar med alle prestane kvart år. Biskopen har medarbeidarsamtale med alle prostane. Same dagen har prostane eigne møte med administrasjonen (personal og kyrkjefag).

##### Kontaktmøte i prostia.

Alle prostane har minst eitt kontaktmøte med lokallaga kvart år, dei fleste har tre – fire møte. Det har vore fire kontaktmøte regionalt. I november vart det arrangert ein felles fagdag for lokale tillitsvalde og verneombod med fokus på omstilling.

#### 4.4 Miljøarbeid

Bjørgvin bispedømekontor er miljøfyrtårnverksemd. Reiseverksemda er vårt største «klimaavtrykk». Den kan ikkje fjernast, men auka bruk av videomøte og telefonmøte har teke bort nokre av reisene. På leiarkonferansen for kyrkjevever og prostar i 2016 var kyrkjemøtet sitt fokus på meir miljøvenleg drift av kyrkjeleg verksemd eit viktig tema.

#### 4.5 Kyrkje- og gravplassforvaltning

##### I 2016 har biskopen hatt følgjande saker knytt til forvaltning av kyrkjer:

Sjå tabell 16.

##### I 2016 har Bispedømerådet hatt følgjande saker knytt til forvaltning av kyrkjelov og gravferdslov.

Sjå tabell 17.

	2015	2016
Ombygging av kyrkjer – av desse var 2 knytt til universell utforming.	11	14
Bygging nærare kyrkja enn 60 m	7	7
Godkjenning av orgel/flygel	5	3
Kyrkjetekstil	21	23
Rehabilitering og endringar i interiøret (inkludert universell utforming)	17	21
Kunstnarleg utsmykking	4	4
Inventar (inkludert liturgisk utstyr)	6	7
Benker/stolar	6	7
Tekniske installasjonar (lerret, lyd, ljøs)	8	10
Brann- og sikringstiltak	1	4
Andre saker	7	7
Medlemsskap (29 saker, 98 personar)	29	2

Tabell 17: Forvaltning av kyrkjelov og gravferdslov

	2015	2016
Løyve til sokn om å få ta opp lån	6	7
Omregulering/endring av kyrkjegardar	5	6
Gravplassvedtekter	4	2
Fråsegn til kommunale planar	23	11
Fråsegn fylkeskommunal plan	-	1
Klagesaker, ei fekk medhald	8	5
Godkjenning av ferdigstilt gravplass	-	1

# V: Vurdering av framtidsutsikter

## Endringar og mål fram mot 2020

Også dei neste åra vil bli prega av dei organisatoriske prosessane i kyrkja etter skilje stat - kyrkje og fram mot ny kyrkjeordning. Dette har tatt kapasitet frå deler av organisasjonen, både på bispedømme og fellesrådsnivå dei siste åra. Det vil være viktig å lande fleire av desse prosessane på ein god måte. Då både med omsyn til å flytte fokus til dei utfordringane ein har med å oppretthalde oppslutninga rundt kyrkja i stort, og for å kunne kome ut som eit samla lag, og ikkje tape viktig kompetanse undervegs. Korleis skape grunnlag for gode prosessar i ein komplisert struktur, som har mange einingar med ulike interesser og variert forplikting på å tenke heilskap? Dette er eit spørsmål som utfordrar oss, og som vi må arbeide vidare med.

Det å forankre strategiar og teikne dei litt lengre linene er viktige for å kome i betre inngrep med samspel mellom mange aktørar og for å skape gode endringsprosessar. Årsplanar som verktoy er viktig. Det er likevel slik at dei ofte er forelda før dei er vedtatt. Vi vil difor starte eit arbeid med å sjå på lengre linjer enn årsplanane. Vil vi legge ein plan for ulike satsingar for perioden 2018-2020, og med ansatsar mot å sjå endå lengre fram. Endringar tek tid. Dersom vi undervurderer dette blir det ofte kortsiktige resultat, om noko i det heile. Forankring er òg heilt vesentleg. Utan at sokneråda er med, er det ofte fånytt. Difor tek det tid frå ide til faktisk endring.

Kva skal bispedømet si rolle vere i tida som kjem? I kva grad skal bispedømerådet sitt fokus vektast mellom sokna og kyrkjemøtet, mellom frivillige og tilsette, råd og embete? Målet må alltid vere at bispedømenivået driv slik at ein fremjar mest mogleg kyrkje lokalt. Det kan vere å gå ut av nokre av dei romma ein er i og inn i andre, eller å ta større rom på nokre område der ein har høg kompetanse? Å vente på avklaringar kan lamme oss. På fleire område, særleg mellom bispedømet og dei største fellesråda er det i dag fare for at ein dupliserer, i staden for å sjå på mogleg samhandling. Konkurransen kan vere bra, men det kan og bli eit tapsprosjekt, då serleg for lokalnivået. Faren kan vere at administrasjon veks på

område der ein kunne ha effektivisert. Døme på område der ein ikkje bør duplisere, snarare sjå på samhandling og effektivisering kan vere personalforvaltning, deler av økonomiforvaltning, ressursar kring kommunikasjon, kurs og kyrkjefageleg kompetanse. I alle fellesråd der ein er mindre enn prostiet, vil utfordringa vere av ein noko anna karakter. Tiltak mot små og mellomstore fellesråd vil og sjå noko ulike ut. Det kan samstundes vere vanskeleg, fordi ingen har mandat til å gjere naudsynete grep kring til dømes samordning og effektivisering. I Bjørgvin er det, om ein tek inn administrasjonsleiarar i Bergen om lag 100 kyrkjeverjer/adm.leiarar, og 155 kyrkjelydsprestar inkludert prostane. I Bergen er det omkring 28 stillingar i sentral administrasjonen, tal for bispedømet elles har vi ikkje. På bispedømetoret er det 16 stillingar, der 6 stillingar er i administrasjonsavdelinga. Å analysere og sjå på kva oppgåver som bør ligge kor, for å få ein samla mest mogleg effektiv administrasjon av kyrkja må vere eit viktig mål i åra som kjem.

## Reformasjon til inspirasjon

Vi har satsa på to prosjekt som skal bygge opp rundt det å bli å bli ei meir sjølvstendig kyrkje i 2017. Det eine har gått på kompetanse og refleksjon, med studie i reformasjonsteologi. Det andre har hatt fokus på inspirasjon, fest og synleggjering ut i eit breiare rom enn det indre kyrkjelege med markering av Reformasjonsbyen Bergen (r2017) som tyngdepunkt.

Dette har skapt ein annan plattform til å gå vidare med. Vi har gått ein veg for å snu nokre kulturelle mekanismar. Frå oss og dei, til å skape eit vi. Dette er ein berre starta på, men dei ulike stega er med og fører oss noko nærmare ein slik situasjon. Det tar tid å bygge, og det er lett å rive ned. Det å bruke dei møtepunkta ein har, betre, og i nokon grad lage nye arenaer og møtepunkt, er del av dette biletet.

## Økonomi og rekruttering

Det er særleg økonomien og rekrutteringssituasjonen som blir meldt som dei

områda som uroar både tilsette og ansvarlege kyrkjelege politikarar. Dette gjeld både på bispedømenivå og fellesrådsnivå.

Når dei økonomiske rammene ikkje er tilstrekkeleg romslege, vil det til sist gå ut over tenestetilbodet. Særleg kritisk er det at årsverk presteteneste blir redusert. Dette rammar i første runde ikkje gudstenester eller kyrkjelege handlingar, men ved at presten har mindre høve til å vere til stades i anna samfunns- og kyrkjelydsbyggjande arbeid. Det vil vere viktig å finne gode grep, og tenke nytt rundt det skaffe økonomi. Dette handlar på ei side om å synleggjere kyrkja sin plass i samfunnet og å synleggjere tenestetilbodet i si breidde. Det handlar og om å tenke nytt i forhold til både interne og eksterne kjelder for økonomi.

Likeeins må ein arbeide systematisk og breitt med rekruttering over tid. Det kjem ikkje av seg sjølv, og det må settast av både økonomi og ressursar til begge desse to områda i åra som kjem. Ut frå ei risikovurdering må dette løftast høgt.

Det er òg kyrkjeleg kultur på at når ein prioriterer, så betyr det i tillegg. Det er kritisk viktig å kunne gå inn og sjå på kva ein skal redusere. Kva område gjev for dårleg avkastning, og bør ikkje prioriterast? Dette er ikkje alltid lett å vurdere i kyrkjeleg samanheng, og må lesast mot kva kyrkja djupast er og ikkje berre med økonomiske briller. Det er samstundes slik at om ein bruker ressursane feil, så er det andre område som betalar prisen. Til dømes tidsbruk ved å ha mange små sokneråd, opp mot anna kyrkjelydsbyggjande arbeid. Vala vil måtte ta omsyn til den lokale kontekst, men det må og løftast til ein større kontekst. Der nokon har tid til å reise heim på samtalar ved dåp, må ein andre stader samle opp til samlingar i kyrkja for å nå rundt. Relasjon er ein viktig verdi i alt kyrkjeleg arbeid. Det er samstundes nokre område der ein ville kunne hente ut meir kyrkje for pengane om ein effektiviserte i større einingar, eller standardiserte i større grad. Dette gjeld til dømes på trusoppplæring. Høg turnover, mange deltidstiltingar og at ein nokre stader ikkje får rekruttert inn medarbeidarar med god nok kompetanse, er ei side av dette. Det kunne vore utvikla meir standard opplegg på moduler i undervisninga. Det gjeld og



Prestane i Bjørgvin gjennomførte i 2015-2016 eit studium om Luther og reformasjonen. Det vart avslutta med studietur til Wittenberg. Her er halvparten av prestane samla etter siste førellesning.

FOTO: BJØRGVIN BISPEDØMERÅD

for administrasjon og kontakt mot målgruppa. Dette som døme som krev samarbeid ut over dei lokale einingane, og der små fellesråd blir for lita eining til å ha god nok ressursutnytting. På den andre sida kan små einingar vere svært effektive og gode, fordi ein har nærleik til dei frivillige ressursane og nær relasjon til aktuelle born og unge.

Bjørgvin bispedømeråd vil i perioden som kjem måtte arbeide med desse spørsmåla, samstundes som ein må arbeide ut frå dei rammer og ordningar som er gjeldande. Kyrkjemøta i åra som kjem skal handsame ny kyrkjeordning. Bispedømerådet skal saman med dei 184 sokneråda og 59 fellesråda i bispedømet arbeide med desse spørsmåla. Betre kunnskap og kompetanse om prosessane vil vere til det gode for alle. Å vidareutvikle ulike arenaer for samhandling vil difor som nemnd ha fokus.

### *Bygge kompetanse og å gjere kvarandre gode*

Det vil vere viktig for bispedømet å fortsette å vere ein god og kompetent ar-

beidsgjevar for prestane og andre tilsette. Dette handlar om kontinuerleg arbeid med tilsettingar, HMT og kompetanseutvikling. Det handlar og om grep, som i nokre tilfelle er naudsynte løysingar på akutte utfordringar, i andre tilfelle smarte løysingar som snur eit problem til løysinga på noko anna. Dette arbeidet tar mykje ressursar og tid, men kan naturleg nok ikkje få stort rom i ei årsmelding, då det er knytt til einskildpersonar og må handsamast deretter.

I Bjørgvin arbeider vi langs fleire vegar samstundes når det gjeld rekruttering. Til dømes er bruk av sommarvikarar både eit HMT-tiltak for dei som er fast tilsette og eit tiltak for å få unge søkjarar nysgjerrige på Bjørgvin bispedøme. Aktiv bruk av nokre stillingar som prostiprest, kan vere eit seniortiltak på ei side, og opne stillingar på den andre sida. I pressområda har vi oppretta kortsiktige prosjektstillingar med spissa kompetanse mot ungdom og rekruttering. Vi har òg oppretta nokre stillingar som prostiprest, der stillinga skal støtte opp under dei som arbeider med ungdom spesielt. Det er samstundes kritisk viktig i Bjørgvin, grunna alderssamansettinga i prestskapet, at vi får rekruttert inn fleire

unge prestar, og at vi får rekruttert tilbake prestar i aldersgruppa førti pluss, som no er i andre typar stillingar. Det blir ofte peika på at det er viktig at prestar står til dei er sytti, dette vil vi meine er berre delvis riktig. Det er vesentleg at presten er i stand til å møte dei utfordringane stillinga ein innehar krev. Det kan difor i nokre tilfelle vere at presten i større grad skulle vurdere å gå over i andre prestestillingar som er tilpassa det modus ein sjølv er i. Dette er samansett og vanskeleg å seie noko generelt om, men slitne prestar er ikkje eit godt rekrutteringskort. Dette handlar ikkje berre om alder, men er ulikt frå person til person. Det er grunn til å sjå noko på tankesettet rundt karriereløpet for prestane. Til dømes knytt til moglege retrettstillingar, særleg i frå krevjande stillingar i store sokn eller leiarstillingar. Igjen er dette individuelt, men vi ynskjer å normalisere ulike løp i siste fase av prestetenesta.

Handlingsrommet er samstundes lite med omsyn til økonomi til slike tiltak. Tidsavgrensa tiltak kan likevel forsvarast, fordi ein ikkje bind opp budsjetta ut over det ein har tryggleik for.

# VI: Årsrekneskapen

## 6.1 Leiingskommentarar

### Føremål

Bjørgvin bispedømeråd er underlagt kyrkjeavdelinga i Kulturdepartementet (KUD). Bispedømet er eit statleg forvaltningsorgan og fører rekneskap etter kontantprinsippet. Bispedømet si rolle er personalforvaltning for 165 prestar, samt rådgjeving for Bjørgvin biskop og Bjørgvin bispedømeråd. Tildelinga til den norske kyrkja er heimla i Grunnlova §16.

### Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagt i samsvar med regelverk om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav til Bjørgvin bispedøme både på sentralt nivå og på lokalt nivå. Stiftsdirektøren meiner rekneskapen gjev eit dekkande bilete av tildelinga til Bjørgvin bispedømeråd, rekneskapsførte utgifter, inntekter, eignelutar og gjeld.

### Vurdering av vesentlege tilhøve

I 2016 har Bjørgvin bispedøme hatt til disposisjon for drift, post 01, netto kr 141.693.000, jfr bevilgningsrapporteringa og note A. Omsyn tatt til driftsinntekter (kr 2.677.718) har vi ei meirutgift på post 01- drift på kr 1.746.053, jfr note B. Standardrefusjonar (foreldre- og sjukepengerefusjonar) utgjorde i 2016 kr 4.322.621. Ved inngangen til 2016 var Bjørgvin bispedøme i balanse, det vil sei at tildelinga for 2016 ikkje er korrigert verken for meir- eller mindreforbruk.

Produktivitetskravet for samtlege statlege verksemder var i 2016 på 0,7 prosent. Endra frå 0,5 til 0,7 i budsjettforlik desember 2015.

2016 var prega av mykje aktivitet rundt skilje stat – kyrkje. Bjørgvin bispedøme har bidratt aktivt i prosessar på nasjonalt nivå. I 2016 fekk vi kompensert for frikjøp av hovudtillitsvald for YS(Parat) og UNIO, og for å inneha leiarvervet i personalutval for bispedømeråda. Det har gitt rom for tidsavgrensa styrking av administrasjonen.

Tildelinga på post 75 – Tilskot til verksemd i Den norske kyrkja – var i 2016 kr 55.900.336, jfr bevilgningsrapportering. I Bjørgvin yter staten tilskot til 16 diakonstillingar og 17 kateketstillingar. Rekneskapen viser eit stort mindreforbruk, kr 2.280.765, men det har si årsak i tilsegn for 2016 (kr 906.330) som delvis grunna manglande rapportering ikkje vart utbetalt i 2016. Korrigert for manglande utbetaling i 2016 viser diakoni, undervisning og kyrkjemusikk eit mindreforbruk på kr 199.382. Tilsvarende for trusopplæring viser det eit mindrefor-

bruk på kr 1.175.053. Totalt mindreforbruk kr 2.280.765 er søkt overført til år 2017.

Bjørgvin bispedøme har misjonsrådgjevar i 50 % stilling. Stillinga er finansiert ved hjelp av tilskot frå Opplysningsvesenets fond (OVF), og sju misjonsorganisasjonar (ulik andel i samsvar med vedteke fordelingsnøkkel).

Artskontorapporteringa viser at løn og sosiale utgifter er på kr 132.631.082 mot kr 124.344.606 i 2015. Auken er i samsvar med lønsveksten i 2016. Lønsandel av driftsutgifter er 90,2 prosent, mot 87,9 prosent i 2015. Denne auken samsvarar med dei historiske avtalane som er inngått for prestskapet. 2016 var første året med heilårsverknad av prestane sin lønsauke i samband med opphør av buplikt frå 01.09.15. Ein annan historisk avtale var at prestane frå 01.01.16 fekk avtale om arbeidstid.

Avtalen om arbeidstid gav rett til tilleggsløn for arbeid kveld og helg. Med grunnlag i tilleggsløn for 1.tertial 2016 viste årsprognosen for Bjørgvin eit stort meirforbruk på tilleggsløn. Dei resterande periodane av 2016 vart ikkje tilsvarende kostbare, så i forhold til kva vi meldte i mars 2016 vart resultatet 758.000 mindre. Kostnaden på utrykking i beredskap vart også mindre enn vi sa i prognosen i mars 2016. Vi endte i underkant av 200.000, det er 300.000 mindre enn vi sa i prognosen. I ettertid ser vi at med rimeleg tid til planlegging av arbeidstid nærmar vi oss anslaget departementet gjorde med at kostnaden for arbeidstid skulle vera tilnærma lik kostnaden som for den gamle beredskapsavtalen. Kostnaden på tilleggsløn for 1. tertial



Logo for Reformasjonsbyen Bergen 2017.  
ILLUSTRASJON: MARVIN HALLERAKER.

# Notar

2017 stadfestar dette. I 1. tertial 2017 har vi ei utgift på tillegssløn på 1,4 millionar. I 2016 var utgifta for tilsvarande periode 1,85 millionar.

Gjennomsnittleg løn for dei to arbeidsområda:

For bispedømeadministrasjonen:

kr 570,1. Landsgjennomsnittet er kr 567,9. Høgast Borg med kr 577,1. Lågast Nord-Hålogaland med kr 539,7

For presteskapet: kr 613,3. Landsgjennomsnittet er kr 609,3. Høgast Sør-Hålogaland med kr 631,4. Lågast Tunsberg med kr 592,5.

Som ein konsekvens av opphør av buplikt fekk prestane nytt reisereglement, men dette vart først gjeldande frå 01.05.16. Ser vi isolert på reiser og diett for prestetenesta, har Bjørgvin ei utgift på kr 31.021 pr årsverk, mot kr 29.335 i 2015. Vi vil ikkje ut av dette seie at nytt reisereglement er meir kostbart enn det tidligare. I samband med skilje stat – kyrkje var prestane meir ajour med innsending av reiserekningar enn det som har vore tilhøvet tidlegare år.

Mellomverande med statskassa utgjorde pr 31.12.16 kr 273.013. Oppstillinga av artskontorrapporteringa viser kva eignelutar og gjeld mellomverande består av.

## Riksrevisjonen

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for Bjørgvin bispedøme. I Riksrevisjonens beretning for 2015, framkom det ingen merknader.

Revisjonsberetningen for 2016 vil verta tilgjengeleg på nettsidene til Bjørgvin bispedøme, [www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin)

Søkeord: revisjonsberetningen.

Bergen, 28. februar 2017

Inger Helene Nordeide  
bispedømerådleiar

Jan Ove Fjellveit  
stiftsdirektør

## 6.2 Prinsippnote

Årsrekneskapen for Bjørgvin bispedøme er utarbeidd og avlagt etter nærare retningsliner fastsett i regelverk om økonomistyring i staten («Bestemmelsene»), fastsett 12. desember 2003, med endringar, seinast 5. november 2015. Årsrekneskapen er i samsvar med krav i bestemmelsene punkt 3.3 og 3.4 og rundskriv R-115 frå Finansdepartementet. Utover desse krava er det ikkje fastsatt noko frå eige departement.

Oppstillinga av løyvingrapporteringa («Bevilgningsrapporteringa») omfattar ein øvre del med løyvingrapportering og ein nedre del som viser at verksemda ikkje står oppført med saldo i kapitalrekneskapen. Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser grupper av kontoar som inngår i mellomverande med statskassa. Oppstillinga av løyvingrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i bestemmelsene punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- Rekneskapen følger kalenderåret
- Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillinga av bevilgnings- og artskontorrapporteringa er utarbeidd etter dei same prinsippa, men etter ulike kontoplanar. Prinsippa korresponderer med krav i bestemmelsane punkt 3.5 til korleis verksemda skal rapportera til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til bevilgningsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Alle statlege verksemdene er knytt til statens konsernkontoordning i Norges bank i samsvar med krav i bestemmelsene punkt 3.7.1. Ordinære forvaltningsorgan (bruttobudsjetterte verksemder) vert ikkje tilført likviditet gjennom året. Ved overgang til nytt år vert den einskilde oppgjerskonto nullstilt.

## 6.3 Bevilgningsrapportering (Løyvingsrapportering)

Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstala som Bjørgvin bispedøme har rapportert til statsrekneskapen. Dei blir stilt opp etter dei kapittel og postar i løyvingrekneskapen som Bjørgvin bispedømeråd har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser alle finansielle eignelutar og forpliktelsar verksemda står oppført med i statens kapitalrekneskap. Kolonna samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar kombinasjon av kapittel/ post.

## 6.4 Note A og B

Sjå vedlegg.

## 6.5 Artskontorrapporteringa

Artskontorrapporteringa viser rekneskapstala Bjørgvin bispedømeråd har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har fullmakt til å belaste konsernkonto i Norges bank for tildelingane. Tildelingane skal ikkje inntektsførast og vises difor ikkje som inntekt i oppstillinga.

## 6.6 Note 1-8

Note 8 til artskontorrapporteringa viser forskjellen mellom avrekning med statskassa og mellomverande med statskassa.

## Vedlegg

- Utdrag av årsplan med tiltaksrapport
- Gjennomført program for biskopen 2016
- Etatstatistikskjema
- Rekneskap med notar

# Årsrapport 2016

 BJØRGVIN BISKOP OG BJØRGVIN BISPEDOMERÅD

A photograph of two priests standing in front of a stone church doorway. The priest on the left is wearing a green and gold vestment, while the priest on the right is wearing a white and gold vestment. Both have a gold cross on their backs. The church wall is white with a stone archway and a cross above the door.

Saman vil vi ære Den treeinige Gud  
ved å forkynne Kristus, byggje  
kyrkjelydar og fremje rettferd